



Tysvær kommune
2015 - 2025

Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø



INNHOLD

2. Dei verdifulle kulturminna.....	5	8.2 Kvernhus og sagbruk i SEFRAK- registeret.....	31
3. Korleis ta vare på kulturminna?.....	6	8.3 Meieri.....	32
3.1 Statleg lovverk og styring.....	6	8.4 Handel.....	33
3.2 Regional styring.....	6	8.5 Steinindustri.....	34
3.3 Kommunal styring.....	7	8.6 Nyare næringar og industri.....	34
3.4 Eigar si rolle.....	7	9.1 Ferdelsårer/vegar på 1800-talet.....	36
3.5 Frivillige organisasjonar.....	7	9.2 Bruer.....	37
4. Dei eldgamle tider: Forminne.....	7	9.3 Sluse.....	38
5. Bygningsvern og kulturmiljø.....	12	9.4 Samferdsel til sjøs.....	38
5.1 Freda bygg i Tysvær.....	12	10. Tru, kyrkjer og forsamling.....	40
5.2 Bygningsvern og SEFRAK.....	13	10.1 Kyrkjer.....	40
5.3 Bestemmelser og føringar for SEFRAK-materialet.....	18	10.2 Gravplassar.....	40
5.4 Kulturmiljø.....	19	10.3 Kvekarhuset og gravplass på Stakland.....	41
6. Kulturlandskap og landbruk.....	21	10.4 Bedehus.....	41
6.1 Innmark og utmark.....	22	11. Andre offentlege og allmenne bygg.....	42
6.2 Skog.....	23	11.1 Offentlege bygg.....	42
6.3 Steingardar.....	24	11.2 Andre offentlege bygg.....	43
6.4 Torvmyr.....	24	11.3 Forsamlingshus.....	44
6.5 Hage.....	25	12. Nasjonale minoritetar.....	44
6.6 Falkefangst.....	26	13. Krigsminne.....	45
7. Maritime kulturminne og fiske.....	26	14. Fritid – hytter.....	46
7.1 Fiske.....	26	15. Spesielle tema for Tysvær.....	46
7.2 Båtbyggjartradisjon og skipsbygging.....	27	15.1. Cleng Peerson og utvandringshistoria.....	46
8. Næring - frå handverk til industri.....	29	15.2. Lars Hertervig og Borgøy.....	47
8.1 Vassdrag og dammar.....	29	15.3 Nedstrand, ein hovudstad i Ryfylke.....	48
		16. Immaterielle kulturminne.....	48

16.1 Foto.....	49
16.2 Intervju og fortellingar.....	49
16.3 Stadnamn.....	49
16.4 Folkemusikk.....	49
16.5 Ord og uttrykk.....	50
17. Forhold til kommuneplan og kommunal sakshandsaming.....	50
18. Handlingsprogram 2015 – 2025.....	51
HANLINGSPROGRAM - PRIORITERTE TILTAK 2015-2025.....	52
Kilder/ Referanseliste.....	56
Bildeliste.....	58
VEDLEGG FOR KOMMUNEDELPLAN FOR KULTURMINNE OG KULTURMILJØ TYSVÆR KOMMUNE 2015-2025.....	61
FORNMINNER I TYSVÆR KOMMUNE - Enkeltminner og lokaliteta frå Askeladden database.....	62
SEFRAK VERNEKATEGORI A.....	81
SEFRAK VERNEKATEGORI B.....	82
SEFRAK VERNEKATEGORI C.....	87
MILJØ.....	90
Kart med Matrikkelnavn.....	93
Kart kulturminneplan for Tysvær.....	94
Kart kulturminneplan for Kårstø.....	95
Kart kulturminneplan for Nes.....	95
Kart kulturminneplan for Nedstrand.....	96
Kartreferanse.....	97

1. Føreord

Både frå statleg og fylkeskommunalt hald er det dei siste åra påpeika at kommunane må laga kulturminneplanar. Tysvær kommunestyre vedtok 12.05.2012 planprogram for «Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø». September 2012 starta sjølv arbeidet med oppstartsmøte i referansegruppe med deltagarar frå fylkeskommunen, kommunen , fleire museum og frivillige organisasjonar. Arbeidsgruppe vart etablert med følgjande deltaking:

Ingvar Frøyland, kultursjef, leiar for planarbeidet

Linda Christine Olsen, plansjef

Bjørg Tone Vikshåland, seksjonsleiar bygg og regulering

Anne Berit Hauge, landbruksrådgjevar

Lena Martinsen, konsulent, leigd inn som fagperson og sekretærar for planen

Januar 2013 arrangerte ein fire distriktsvisse opne møte med ca. 40 deltagarar. Det har vore rapportert til politisk styringsnivå, og eit siste møte vart halde i referansegruppa oktober 2014 for planen januar 2015 vert lagt fram for høyring.

Kulturvern omfattar svært mange tema og ein har hatt som mal at planen skal gi ei kort historie om ulike tema, og deretter peika på kva minne me har om kvart tema i Tysvær, primært fysiske minne.

Ved oppstarten av arbeidet med kulturminneplanen meinte Rogaland fylkeskommune at ein i planarbeidet burde prioritera ein ny gjennomgang av status for bygningar bygde før ar 1900, dei såkalla SEFRAK-bygningane. Dette har ein dermed brukt mest tid og ressursar på i dette planarbeidet og det er vektlagt dialog med eigarane av bygga.

Kulturminneplanen viser kulturminna og historia i Tysvær og vil kunne gje grunnlag for god kulturminneforvaltning i kommunen. Det er og eit ønske at planen skal bidra til auka interesse for kulturminne og historie hos Tysværbuar i alle aldrar.

I handlingsplanen har ein med mange forslag til tiltak som ein meiner vil vera viktige og gjennomføra ut frå kulturvernlagt synsstad. Tiltaka er ikkje tidfesta eller kostnadsrekna. Fleire tiltak er avhengig av at fleire samarbeid spartar samhandlar; både private eigarar, offentlege instansar eller ved dugnadsinnsats frå frivillige organisasjonar og museum. Gjennomføring vil dermed kunna gjerast når prioritering blir gjort gjennom offentlege budsjett og/ eller at tilhøva legg seg til rette gjennom privat engasjement og initiativ.

Tysvær kommunestyre vedtok 08.09.2015 kulturminneplanen.

Aksdal 05.08.2015

Harald Stakkestad

Ordførar

Arvid S Vallestad

Rådmann



2. Dei verdifulle kulturminna

Tysvær blir til

Når me skal planlegga for framtida er det viktig å sjå tilbake i historia og forstå kvifor menneska i tidlegare tider busette seg i vårt område. Kva slags kvalitetar var det dei fant her, og korleis har dei brukt og forma landskapet gjennom århundra. Kulturminna er ein viktig del av folk sin kvar dag og kulturminnevernet er ein viktig premiss for samfunnsutviklinga.

Rogaland og Tysvær er ein del av det området der dei første veidefolka slo seg ned for mange tusen år sidan. For 15.000 år sidan låg innlandsisen tjukk over heile Skandinavia og det var ikkje fast busetnad i våre område. I eldre steinalder (før 5000 f.kr.) var deler av isen smelta, og på denne tida kom jegerar frå det europeiske slettelandet nordover langs elveløpa der me finn Nordsjøen i dag, på jakt etter reinsdyr og vilt. Me finn spor etter dette folket mange stader i Rogaland.

Tysvær var på den tida øyar og skjær med gode fiskeplassar og fangststadar for sel. Strandlinja låg ca. 30 meter høgare enn i dag. På slettene der me i dag finn det moderne Kårstøanlegget kan dette veidefolket ha jakta etter villrein. Etter som innlandsisen smelta og iskanten kom lenger inn i landet, endra landskapet seg til å bli gradvis meir fruktbart. Skog vaks til og jordbruk, fangst og fiske gav livsgrunnlag til stadig fleire etter som sivilisasjon og kunnskap vart betra gjennom generasjonane og gjennom impulsar og kontakt med omverda.

Kva er eit kulturminne?

Kulturminnelova § 2 definerer kulturminne og kulturmiljø slik:

«Med kulturminner menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til.

Med kulturmiljøer menes områder hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller sammenheng.»

Det er vanleg å dela kulturminne inn i to hovudkategoriar: immaterielle og materielle. Lokale tradisjonar, sagn, myter, historier, stadnamn, musikk og handverkstradisjonar er eksempel på immaterielle. Materielle kulturminne kan delast inn i faste kulturminne som til dømes gravhaugar, buplassar, bygningar, bruar og gjenstandar.

I denne planen har ein mest fokus på materielle kulturminne med unnatak av gjenstandar som i stor grad blir tekne vare på av musea. Ein kjem også litt innom immaterielle kulturminne.

I Tysvær har me spor av menneske truleg 10 000 år tilbake i tid. Fram til vår tid er det skapt ufattelig mange spor og tradisjonar gjennom menneska sine handlingar. Kulturminna er vårt kollektive minne og dei er ein ikkje fornybar ressurs skapt av våre forfedre. Når ein verdifull bygning eller eit fotoalbum brenn, forstår me gjerne at fortida betyr noko for oss. Alle spora frå fortida kan me ikkje ta vare på, men me må ta vare på utval av desse både frå fjern og nær fortid slik at menneska som lever i dag og i framtida, kan forstå sin kultur og tenkemåte og oppleva å høyra til i ein samanheng.

Visjon

Kulturminne og kulturmiljø skal vera ein ressurs som er med og skaper sær preg og identitet i utvikling av bygder og stader samt formidlar kunnskap om Tysvær.

Mål for kulturminneplanen:

- **Skapa ei samla oversikt over kulturminne i Tysvær kommune.**
- **Auka kunnskapen om kulturminna hos innbyggjarar, politikarar og sakshandsamarar.**
- **Målet er at denne planen skal hjelpe oss til å gjera bevisste val i det me vil bevare for ettertida.**
- **Kulturminne går frå «plunder og heft» til verdifull ressurs i stadutvikling.**
- **Kulturminne og kulturmiljø blir integrerte element i kommunale planar.**
- **Peika på handlingar som bør bli gjennomførte i samhandling mellom offentlege og private.**

Oppbygging av planen:

Kvart tema startar med ei kort skildring av kulturminnetema for å gi forståing av kvifor det er kulturminne knytta til tema. Ein skriv så om kva kulturminne som

finnst knytta til kvart tema, drøftar evt. aktuelle problemstillingar før ein set opp forslag til tiltak. Dels brukar ein også tabellar for å visa kva som finnst av ulike typar kulturminne. Foto vert brukt for å visa eksempel på kulturminne, og ein tek også med nokre rammetekstar som fordjuping. Handlingsplanen er i liten grad prioritert ettersom konkrete handlingar må forankrast i offentlege årsbudsjett og tiltak som krev samhandling mellom private eigarar og frivillige organisasjonar.

3. Korleis ta vare på kulturminna?

3.1 Statleg lovverk og styring

Stortingsmelding no.16 (2004-2005): «Leve med kulturminner» dokumenterer at iverstattelege kulturminneverdiar er i ferd med å gå tapt og at kulturminne og kulturmiljø ikkje i tilstrekkeleg grad vert sett på som ein ressurs i samfunnet. Målet ein då laga for kulturminnepolitikken var m.a.:

- Mangfold av kulturminne og kulturmiljø skal takast vare på som bruksressurs og grunnlag for kunnskap, oppleveling og verdiskaping.
- Eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljø som dokumenterer geografisk, sosial, etnisk, næringsmessig og tidsmessig breidde, skal gjevast varig vern gjennom freding.
- Det årlege tapet av verneverdige kulturminne og kulturmiljø som følge av at dei blir fjerna eller forfell, skal minimaliserast. Innan 2020 skal tapet ikkje overstiga 0,5% årleg (pr.2004 forsvinn 0,7% årleg).

Stortingsmelding no. 35 (2012 – 2013): «Framtid med fotfeste» inneholder ei statusoppdatering pr. januar 2013 og tydeliggjer kva utfordringar som står att for at ein innan 2020 skal nå måla som blei vedtekne gjennom behandlinga av St.meld. nr. 16 (2004 – 2005): «Leve med kulturminner».

Målet med kulturminnepolitikken er å forvalta dei kulturhistoriske verdiane på lang sikt som eit kulturelt og miljømessig ressursgrunnlag for morgondagens samfunn.

Dei nye tiltaka som meldinga tek opp, omfattar alt frå ein smartare måte å jobba på, ein meir målretta pengebruk og satsing på kunnskap, register og oversiktar. Dette skal gi grunnlag for å kunne velja ut kva for kulturminne som er viktige å sikra for framtida:

- Videreutvikla Riksantikvaren si rolle som direktorat.
- Underbygga og støtta opp under fylkeskommunen si rolle som regional kulturminnemyndighet gjennom blant anna å overføra større ansvar etter kulturminnelova.
- Støtta kommunane i deira rolle som lokal forvaltar av kulturminne.
- I samarbeid med Kunnskapsdepartementet og Kulturdepartementet styrka kunnskapsperspektivet i forvaltinga av automatisk freda kulturminne og skipsfunn ved å setja i gong eit arbeid med å vurdere endringar i ansvarsforskrifta til kulturminnelova.

Alle kulturminne som er eldre enn 1537, samt ståande byggverk som er frå før 1650, er automatisk freda gjennom Kulturminnelova. Det betyr at dei er freda i kraft av sin alder og dermed underlagt lova sitt vern mot øydelegging. Nyare kulturminne kan fredast gjennom enkeltvedtak.

Miljøverndepartementet er overordna myndighet, mens Riksantikvaren har ansvaret for at den statlege kulturminnepolitikken blir gjennomført.

3.2 Regional styring

Rogaland Fylkeskommune v/kulturavdelinga har ansvaret for å sjå til at freda fornminne og kulturanlegg vert bevarte eller frigjorde. Fylkeskommunen er også ofte uttalepart i samband med bygningsvern og har også sitt eige planverk der kulturvernet er med.

Rogalands fylkeskommune: Vernekriterier for nyere tids kulturminner

Kulturminneforvaltningen må vurdere og kunne begrunne hvorfor akkurat det kulturminnet eller kulturmiljøet er mer verdifullt enn andre. Derfor er det nødvendig å redegjøre for hvilke vurderinger som foretas og utvelgelse av kulturminner og kulturmiljøer som blir gjort. Når vi skal vurdere om et kulturminne eller kulturmiljø er verneverdig, legges det vekt på en rekke kriterier:

Representativitet:

Det er viktig å bevare kulturminner og kulturmiljø som er representative for en stilperiode, en funksjon eller et område. Ved å bevare et representativt utvalg, er målet at de utvalgte kulturminnene skal illustrere et tverrsnitt av historien.

Sammenheng og miljø:

Kulturminner og kulturmiljø som viser sammenheng i tid og rom, funksjonelt og sosialt, vil bidra til større helhetsforståelse og here et kulturminnes verneverdi eller motsatt.

Autentisitet:

Begrepet autentisitet kan oversettes med opprinnelighet. Vanligvis vil et kulturminne eller kulturmiljø med høy autentisitet vurderes til å ha høy verneverdi. Endringer som har skjedd underveis kan i noen tilfeller defineres som en del av kulturminnets eller kulturmiljøets opprinnelighet. I forbindelse med fredning vil høy autentisitet tillegges stor vekt.

Identitet og symbol:

Kulturminner kan ha betydning for opplevelse, gjenkjennelse og tilhørighet, noe som tillegges stor vekt ved vurdering av verneverdi.

Arkitektonisk/kunstnerisk verdi:

Her legges det vekt på at form, struktur, materialvalg og detaljutforming står i forhold til en kunstnerisk idé og fullførelsen av den.

Bruksverdi:

Hvis en bygnings tilstand er god, kan det være økonomisk lønnsomt å ta vare på en kulturhistorisk interessant bygning, fremfor å rive og bygge nytt. Om ønskelig kan eldre bygninger få en ny bruk.

Bruk er ofte det beste vern.

Alder:

Et kulturminne kan være verdifullt på grunn av høy alder og at det er få igjen.

Historisk kildeverdi:

Et kulturminne kan ha formidlingsverdi og historisk kildeverdi ved at det formidler bl.a en bestemt epoke, kunnskap o.l

3.3 Kommunal styring

Plan- og bygningslova gir kommunane gode muligheter til å sikra bevaringsverdige bygningar tilstrekkeleg vern, både i arealplansamanhang og i enkeltsaker. I kommuneplan kan kommunen leggja omsynssoner for enkeltanlegg eller større kulturmiljø. Kommunen har også heimel til å gi pålegg om utbetring av eksisterande bygningar, såframt det vil gi vesentleg forbetring av byggverket sin funksjon, av omsyn til bevaringsverdi.

Tysvær kommune deltek ut over forvalting av lovverket også aktivt i tilrettelegging og bevaring gjennom bygdetun, tilskott til museum, bygdebøker og andre tiltak.

3.4 Eigar si rolle

Eigar kan ikkje sjølv bestemma over dei freda kulturminna, mens nyare kulturhistoriske bygningar og andre kulturminne ofte langt på veg blir påverka av eigar

si interesse for å ta vare på desse. Ut over lovverket har samfunnet nokre økonomiske tilskottordningar via Kulturminnefond, SMIL-midlar via landbruk og også Riksantikvaren sine tilskott via fylkeskommunen eller Regionalutviklingprogrammet (RUP) i fylket.

Fylkeskommunen og regionmuseet kan gi råd og rettleiing ved restaurering, mens Tysvær kommune ikkje har tilsett fagkompeanse for bygningsvern. Motivasjonen hos grunneigarar både når det gjeld bygningsvern og vern av kulturminne i kulturlandskapet er difor svært avgjerande for bevaring og evt. tilrettelegging. Mange eigara ser verdien av kulturminna og har ein positiv haldning til bevaring av desse.

3.5 Frivillige organisasjoner

I Tysvær har me fleire frivillige organisasjoner som er aktive innan kulturvernet. Nedstrand Bygdemuseum har både teke vare på bygningar og eit stort tal gjenstandar. Leirong Kystlag har fokus på å ta vare på båtar og kystkultur i vid forstand. Arquebus krigshistorisk museum tek vare på og formidlar historia om andre verdskrig både gjennom gjenstandar og historieforteljing. Haugalandmuseene forvaltar både bygningar og samling av reiskapar i Tysvær. Det private bilmuseet til Rolf Wee dekkar deler av bilhistoria heilt tilbake til 1922. Tysvær Historielag formidlar mykje immateriell historie både gjennom bøker, foredrag og registreringsarbeid. Sluselaget formidlar samferdselshistoria i Skjoldastrauen. Husflidslag, bondelag, bygdekvinnelag og andre organisasjoner er ofte opptekne av kulturarv. Dei frivillige er viktige samarbeidspartnarar for det offentlege ved gjennomføring av ulike tiltak.

4. Dei eldgamle tider: Forminne

Fornminna eller fortidsminna er dei eldste kulturminna våre. I norsk lovgiving og forvalting er begrepa erstatta med «automatisk freda kulturminne» som er kulturminne eller naturhistoriske minne frå steinalderen til middelalderen. I Noreg er alle kulturminna frå tida før reformasjonen (før år 1537) automatisk freda gjennom kulturminnelova. Desse og andre freda kulturminne er vist i Riksantikvaren sin kulturminnedatabase www.kulturminnesøk.no som er tilgjengeleg for innsyn for alle.

Tidsakse	
Eldre steinalder	10000 – 4000 f. Kr.
Yngre steinalder	4000 – 1800 f. Kr.
Eldre bronsealder	1800 – 1000 f. Kr.
Yngre bronsealder	1000 - 500 f. Kr.
Eldre jernalder	500 f. Kr. - 570 e. Kr.
Yngre jernalder	570 e. Kr. – 1000 e. Kr. (Vikingtid 800-1050)
Tidleg middelalder	1050 – 1150
Høgmiddelalder	1150 – 1350
Seinmiddelalder	1350 – 1537
Nyare tid	1537 – fram til i dag

I Tysvær finn me automatisk freda kulturminne eller forminne frå alle dei historiske periodane vist i tidsaksen over.

Eldre steinalder 10000-4000 f. Kr.: Fangstfolk

På Haugsneset og andre stadar rundt Kårstø er det gjort funn frå eldste steinalder. Viktigast er funna frå Molvika som blei utgravne tidleg i 1980-åra. Desse buplassane, som den gong låg heilt i strandkanten, ligg nå rundt 16 – 20 m.o.h. Andre funn frå same tid er blant anna gjort på Leirvik. Frå seinare del av eldre steinalder er det registrert mange funnstader (buplassar) og fleire av desse er undersøkte, blant anna på Kårstø. På dette tidspunkt var klima blitt klart mildare og landområda var dekka av frodig og tett lauvskog.



Kolle frå Topnes. Eldre steinalder. Foto: Terje Tveit, Arkeologisk museum, UiS.

Flintdolk frå Gismarvik. Yngre steinalder. Foto: Terje Tveit, Arkeologisk museum, UiS.

Yngre steinalder 4000-1800 f. Kr.: Dei første bøndene

Gradvis endra folk levesett. I starten av yngre steinalder byrja folk å halda husdyr (ku/sau/geit) og dei har levd som halv-nomadar sjølv om buplassfunn frå blant anna Kårstø viser at jakt/fangst/fiske stadig hadde stor betydning. Mot slutten av steinalderen – rundt 2200 f. Kr. - blir ein bufast, dvs. etablerer dei første gardane og begynnar med korndyrking. Det er fleire lausfunn av flintoldsaker – dolkar, sigdar m.m. som er laga av flint som vart grave fram i flintgruver i Nord Jylland i Danmark – tydeleg bevis på direkte kontakt over Skagerak.

Bronsealder 1800 - 500 f. Kr.: Store graver og maktcentrum



Skålgrøper frå Vårå

Fleire stader i Tysvær finn ein gravrøysar som tyder på talrike, solide gardssamfunn her ved hovudleia langs Vestlandet og i lei mot Ryfylke. Dei store gravminna ligg alle nær sjøen og gjerne ved smale sund som ved Haugsneset, Våreneset, Susort, Vesterøy, Halsaneset, langs Skjoldastrauen og Skjoldafjorden m.fl. Berre to

gravminne er fagleg undersøkte, begge på Kårstø. Her blei det avdekka enkle branngraver frå slutten av bronsealderen. Pr. dags dato kjenner ein ingen funn av bronsegjenstandar frå bronsealderen i Tysvær, noko som er merkeleg, men som nok er tilfeldig. Utanom enkelte steinar med skålgrøper – t.d. på Nes i Førlandsfjorden – kjenner ein ikkje til helleristningar frå Tysvær.

Eldre jernalder 500 f. Kr. - 570 e. Kr.: Store gardar og rike gravfunn

I eldre jernalder aukar folketalet betrakteleg, noko ein først og fremst ser av mengda av gravfunn. Mesteparten av dei nær 300 gravrøysar/haugar som er registrerte i Tysvær, stammar frå dette tidsrommet. Frå slutten av romertid (300 e.Kr.) førest mange av husa opp delvis med steinvegger og desse er svært tydelege i landskapet. I Tysvær er det registrert meir enn 35 tufter/gardsanlegg kor mesteparten er forhistoriske. Berre ei delvis øydelagt tuft på Store Nessa er faglig undersøkt i 1933 og der det blei funne ein kvernstein. I særstilling er gardsanlegget på Vårå med ein imponerande bygning med ei lengde på 58 m – mulig meir enn 80 m! - og bredde på 7 m (kanskje største eksisterande bygning



Illustrasjon av gardsanlegget på Vårå. Ill: Ragnar L. Børshem

frå forhistorisk tid i Rogaland). Talet på gardar har derimot vore betydeleg større: Mange gardsanlegg er fjerna ved dyrking etc. i nyare tid, og på mange gardar er bygningane oppførte utan synlege steinvegger. Frå eldre jernalder er det fleire gullfunn: Betalingsringar funne på Skeiseid og perle av gullblad. Sikre bygdebørger kjennest ikkje frå Tysvær, men arkeolog H. E. Lund betekna Freiåsen som ei mulig bygdeborg, og Borgøy kan – som namnet tilseier – ha vore brukt også som bygdeborg.

Frå midten av 500-talet er det ein markant nedgang i talet på gardar og gravfunn. Ei mogleg forklaring er dels fimbulvintrane 536-37 e. Kr., resultat av vulkanutbrot på Island med katastrofale følgjer for bondesamfunna i store deler av Europa, og dels den Justinianske pesten som herja i Europa nokre få år seinare, og som truleg også spreidde seg til Noreg.

Ynge jernalder 570 e.kr -1000 e. Kr.: Skipsfart og mange gravfunn

Frå yngre jernalder er det registrert meir enn 40 funn. Mesteparten av funna er framkomne ved fjerning av gravminne og såleis mangelfullt opplyste. Mange lausfunna gjenstandar – som øksar og spyd av jern, spinnehjul – stammar frå øydelagde/fjerna gravminne. Nokre gravfunn stammar frå funnrike båtgraver,



Sverd frå Leiranger. Foto: Anke Kobbe, Arkeologisk Museum i Stavanger.



Sverdknapp frå sverdet i Leiranger. Foto: Anke Kobbe, Arkeologisk Museum i Stavanger.

imponerande steinvegger er det eit av dei største nausta me kjenner til.

Under dei massive veggene, som antakeleg er bygde i tidleg middelalder, er det spor etter eit eldre naust. Rett ved sida av naustet blei det funne eit sverd frå vikingtid – frå grav eller eit offerfunn.

Det er registrert 10 bautasteinslokaltetar i Tysvær. Fleire av desse er svært spesielle, som dei 7 bautasteinane på Smalatreet på garden Erland i Skjoldstraumen og dei 5 bautane i Grinde. Talet på lokalitetar med bautastein har vore betydeleg større.

Steinane er ramla ned og/eller brukt i nyare tids bygningar; eit godt døme er frå Øyraneset i Sundfør, kor det har stått fleire bautasteiner og kor den eine er gjenbruks i ei notbrygga. Bautasteinane har fungert som minnestein eller grensemarkeringar og ikkje sjeldan finnst det graver i tilknyting til desse. Dei er vanskelege å datera og har antakelig vore reist gjennom heile jernalderen.

Det er svært spesielt på bakgrunn av det relativt store tal gravfunn, at ein ikkje kjenner til runestein frå Tysvær. Eit mindre skattefunn frå sein vikingtid/tidleg middelalder - sju myntar, «Haraldslåtta» prega i Norge rundt år 1070 e. Kr – er

t.d. på Sundfør og i Førre. På sistnemnde stad blei det ved arkeologisk undersøking i 2011 avdekka eit langhus frå vikingtid berre få meter frå funnet av båtgrav frå vikingtid, eit av dei få funna av gardar frå vikingtid som er undersøkte i Rogaland.

Dei fleste av dei 10 registrerte båtnausta i Tysvær daterast til yngre jernalder. I særstilling er naustet på Leiranger. Med si lengde på 34 m og bredde på 10 m og

funne på den gamle kyrkjegarden på Hinderåvåg.

Funn av slagghaugar, kolgroper m.m. viser at det i Tysvær har vore ein ikkje ubetydeleg produksjon av jern i yngre jernalder og tidleg vikingtid.



Nausttoft i Leiranger.



Bautasteinar i Grinde

Leiranger

På garden Leiranger har ein eit unikt fornminne. Her ligg ei nausttuft som er blant dei lengste i Sørvest-Noreg frå jernalder og tidleg middelalder. Den er heile 34 meter lang og 10 meter brei. Naustet ligg i ein polle som har eit smalt innløp og er ei framifrå og godt göymd naturhamn med strategisk plassering på nordsida av Boknafjorden. Frå kollane på kvar side av innseglinga har ein utsyn til - og kontroll over - store deler av fjorden. Ut frå storleiken og den svært strategiske plasseringa, må naustet ha vore del av eit organisert kystforsvar. Sjøforsvaret i landet vart kalla leidang. Håkon den Gode etablerte leidangsordninga på midten av 900-talet, og kanskje naustet på Leiranger er frå før den tid? Naustet har ikkje vore grave ut, men ein har undersøkt noko. Sverdet ein fann her i 2012 var i 12 delar og er nå ferdig konservert og ligg i utstillinga til Arkeologisk Museum i Stavanger.

Utval av enkeltminne	Istid – steinalder	Bronse	Jernalder – vikingtid	Middelalder	Etter reform. 1537	Sum
Tuft, hustuft, nausttuft	6		26	1	6	39
Gravhaug/røys/gravkammer	32	1	256		5	294
Geil			2			2
Lausfunn	53		13	1		67
Grop/kolgrop/kokegrop/fangstgrop		2			2	
Rydningsrøys	14		30	6	30	80
Innhegning			3			3
Bautastein			13			13
Steinlegning	1		20			21
Heller			4		2	6
Busetjing- aktivitetsområde	5		2			7
Åkerrein			8			8
Helleristning		1			1	2
Skålgröpfelt		1	1			2
Gardfar	2		8			10
Buplass	50		2			52
Jernvinneanlegg/slagghaug	1	1	4			6
Bustad					4	4
Skipsvrak/funn/merker					6	6
Kyrkjested/kyrkjegard				5	6	11
Andre			1		3	4
Sum	164	4	395	13	63	639

Middelalderen 1050-1537 e. Kr.

I Tysvær var det auke i folketalet frå vikingtid til første del av 1300-talet og nye område vart busette. I 1349 kom katastrofa Svartedauden og reduserte folketalet svært mykje. Nye pester følgde i åra fram mot 1600-talet. Det finst mange øydegardar som resultat av Svartedauden i Tysvær, og sjølvsagt fekk det store

konsekvensar når ein i heile landet reknar med at folketalet vart redusert til ein tredjepart.

Etter dei gamle skipreideordningane frå 1277 skulle kvart skipreide byggja og rusta langskip med opptil 80 mann, ca. 720 menneske i kvar skipreide. I Tysvær var det to skipreider; Leiranger og Hetland.

Bondene eigde lite av jorda sjølv. Over halvparten av jorda, 63,5 %, var odelsgods. Utstein kloster var den største enkeltgodseigaren frå 1600-talet. Klosteret eigde kring 15 gardar i Tysvær. Kongen eigde også partar i fleire gardar. På Nedstrand var kongegodset samla, her eigde kongen Ringja, Solheim, Dokkskar og Hapnes. Garden Nessa er i ei særstilling i Tysvær og var den største og beste garden. Her går funn tilbake til bronsealderen og det er heile 15 større gravhaugar. På Nessa sat adelslekta Koll. Det var også kyrkje her i middelalderen.

Det er ikkje mange funn av kulturminne frå middelalderen, men me har ein del knytt til kyrkjetufter og gravplassar, mellom anna på Hinderåvåg og i Tysværvåg.

Tilrettelagte fornminne i Tysvær	
Erland	Gravminne, bautasteinar, hidler
Grinde	Bautasteinar
Leiranger	Gravminne, nausttuft, leidanghamn
Leirå	Gravminne
Vårå	Gardsanlegg

Tiltak:

- Ikkje registrerte kulturminne**

Registreringane i Tysvær kommune er ikkje tilfredsstillande. Det er ingen tvil om at det finst eit ikkje ubetydeleg tal synlege kulturminne – gravrøysar, tufter, rydningsrøysar, gardfar osv.– som ikkje er registrerte. Det er ønskeleg å føreta kontrollregistrering – «pilotprosjekt» - av eit utval av gardar i Tysvær kommune.

- Formidling**

Ved nokre av fornminna i Tysvær er det sett opp informasjonstavler, men mange fleire fortener å bli skilta. Det er ønskeleg at fleire kulturminne vert gjort tilgjengeleg i deira naturlege miljø. Skular/barnehagar kan «adoptera» eit eller fleire kulturminne. Tilrettelagde fornminne ligg frå Grinde til Nedstrand, og ein bør i vidare prioritering tenkja på søre og ytre Tysvær. Tilrettelegging i Tysværvåg

kring jernalder og middelalder bør prioriterast øvst. Det er tilrettelagt med skilt og brosjyre på Vårå, Grinde, Leirå, Erland og Leiranger.

Det bør også utarbeidast ein samla guide til utvalde fornminne i Tysvær.

Vedlegg: Oversyn alle enkeltminne og lokalitetar i Tysvær kommune.

5. Bygningsvern og kulturmiljø

5.1 Freda bygg i Tysvær



Sandsgård 1774. Foto: Rogaland fylkeskommune

Med heimel i kulturminnelova er alle ståande bygningar eldre enn 1650 automatisk freda. Riksantikvaren kan fatta eigne fredingsvedtak i forhold til dette.

Fogdegarden Sandsgård

Fogden Nils Christensen kjøpte garden Sand i 1673 og busette seg der. Garden, som etterkvar fekk namnet Sandsgård, kom til å bli bustad for fogdane i "Ryfylke Fogderie" i nær 200 år.

Fogden Christian Lerche Dahl kjøpte Sandsgård i 1772 og flytta dit. I 1774 bygde han det staselige hovudhuset på garden.

Den siste Fogden på Sandsgård var Børge Christian Petersen von Fyren, han var Fogd fram til 1838, deretter vart han sorenskrivar i Karmsund Sorenskriveri. Det er berre hovudhuset som Riksantikvaren har freda.



Sandsgård 1900

Tysvær prestegard

Ligg i Tysværvåg. Hovudhuset er frå 1848 og er eit lafta tømmerhus etter Sverdrups/Linstows normalplan for prestegardar frå 1834. Det er ein klassisistisk bygning med seinempire deltajar. Forpaktarbustaden er bygd ca.1850. Eldhuset er også freda saman med dei to andre bygningane. Det er fleire funn knytt til geistleg verksemd i dette området frå middelalderen og fleire gravminne frå jernalder.



Tysværåg prestegård 1848

Freda bygg og anlegg i Tysvær

Tysvær prestegård

Fogdegarden Sandsgård

Tysvær kyrkje

Nedstrand kyrkje

Skjoldstraumen kyrkje

Skjoldstraumen bru (statleg verneplan)

Stranda (spesialområde bevaring)

Slattevik (spesialområde bevaring)

«Villaen» er midlertidig freda, sjå kap. 13.

Tollbua står også innanfor eit prioritert kulturmiljø på Stranda, og det er forventa offisielt fredingsvedtak av Riksantikvaren når gjenreisinga er ferdig. (Eige kap. 15.3)

Tiltak:

- Sikra nødvendig vedlikehald og evt. brannsikring.



Jordkjellar på Nordtveit.

5.2 Bygningsvern og SEFRAK

Bygningar er ei kjelde til historie og gjev kunnskap om handverk, teknikkar og driftsformer. Dei skapar identitet og gjev eit sær preg til eit område gjennom byggjeskikk og kulturmiljø.

På midten av 1970-talet vart det starta eit nasjonalt prosjekt der målet var å registrera alle bygningar bygde før år 1900. Registrering Av Faste Kulturminner – eller SEFRAK .Stadig fleire kulturminne vart rivne eller øydelagde og viktig dokumentasjon og informasjon om bygningsarven gjekk tapt. På slutten av 1980-talet deltok Tysvær i denne landsomfattande registreringa.

I 1998 evaluerte Rogaland fylkeskommune dette materialet ut frå eit nasjonalt opplegg der ein delte bygningane inn i tre kategoriar:

- Klasse A: Verneverdige bygningar med eit fredingspotensiale.
- Klasse B: Verneverdige bygningar som er aktuelle for spesialregulering
- Klasse C: Bygningar som kun bør underleggast plan- og bygningslova sine generelle bestemmelser.

Status som A- eller B-objekt tyder ikkje at ein bygning er freda eller verna. Den er kun definert som fredings- eller verneverdig.

Fordeling av verneklasser i 1998 (oppgett i tall): 1006 stk.

A: 63 stk.

B: 373 stk.

C: 555 stk.

Ikkje vurdert 15 stk.

Fordeling av verneklasser i 2014: 436 stk. (A+B)

A: 73 stk.

B: 249 stk.

C: 114 stk. (8 sett ned frå A. 106 sett ned frå B) + 555

Ikkje vurdert 15 stk.



Naust Sundførvågen 1866

I 1998 var det til saman 436 stk. A+B-objekt.

I 2014 var det 322 stk.

Det er 114 færre. Av dei 114 stk. som er sett ned frå verneklasser A og B, er 71 stk. rivne/borte sidan 1998.

Oversikt over SEFRAK-materialet ligg som vedlegg i Kulturminneplanen.

KORT OVERSIKT VERNEKATEGORI A		KORT OVERSIKT VERNEKATEGORI B
Våningshus/bustadhus	24	Våningshus/bustadhus
Røykstove	2	Driftsbygning/løe/fjøs
Driftsbygningar/løe/fjøs	12	Eldhus/vedbu/uthus
Eldhus/vedbu/uthus	13	Naust/sjøhus
Naust/sjøhus	7	Jordkjellar
Sagbruk	1	Kvernhus
Jordkjellar	2	Reiskapshus
Skule	2	Butikk
Kvernhus	5	Bedehus
Smie	2	Utedo
Stabbur	1	Andre
Bedehus	1	
Gravplass	1	
	73	249
1998: 63 A objekt		1998: 373 B objekt
2014: 73 A objekt		2014: 249 B objekt
Av dei 63 i 1998 er 8 borte/reve(C), 2 sett ned til verneklasser B. 18 B-objekt er flytta opp til verneklasser A i 2014. 2 frå verneklasser C til A		Av dei 373 er 106 sett ned til verneklasser C. 18 er sett opp til verneklasser A

I Tysvær har ein, som oversikten viser, eit høgt tal på bustadhus, heile 99 eller 101 hus, om ein tek med røykstovene. Ein har altså i høg grad teke vare på dei gamle husa frå 1800-talet. Samtalar med eigarar har synt at det er særsla mange som driv vedlikehald og finn ein historisk identitet i det å ta vare på «gamlahuset» på gardane rundt om. For det er det SEFRAK-husa i hovudsak er; dei eldste husa på garden. Frå 1850 investerte mange i nye hus eller løer, og det er ein liten del som er frå tidlegare enn 1850.

Oppgangstider i siste del av 1800-talet fekk fleire til å byggja nye hus, og då desse igjen vart utdaterte, vart det i stor grad bygd nye hus igjen, men nå fekk mange av dei gamle husa stå att i tillegg. Ein del av husa vart fornya eller ombygd, til dømes med takheving og kvist, og på 1950-talet fekk mange store vindauge.

Til dømes i Vågen (nr 5, SEFRAK vedlegg) står eit flott hus truleg frå ca. 1825. Huset har ein eldre byggjemåte og påkosta lister og golv. Dette er eit av dei litt større husa frå 1800-tallet.

Det er fleire av dei litt mindre husa. Eit døme på dei eldste står på Kringeland (nr 27, SEFRAK vedlegg). «Serina-huset» på Ytre Kvam eit anna.



Våningshus i Vågen 1825



Serrinahuset på Ytre Kvam. Tidleg 1800.

Eit anna døme er på Nodland (nr 16) kor Rogaland fylkeskommune har teke del i restaureringa.



Våningshus på Nodland Tidleg 1800

Store trehus som knytta storbonden til embetsverket er også representert i SEFRAK-materialet. Til dømes har Årvik, Øverland og Store Nessa store trehus, alle frå før 1850. Huset på Årvik kan ha deler som er frå 1600. To har fungert som lensmannsgardar, Årvik og Øverland, medan Øverland og Store Nessa har same byggmeister.



Lensmannshuset på Årvik. Eldste del frå 1632



Lensmannshuset på Øverland frå 1824



Våningshuset på Store Nessa 1825

Talet på lører/driftsbygningar er noko lågare. Dette heng saman med drift og modernisering av jordbruksverket. Etter kvart var ein ikkje tent med dei gamle løene og det var for kostbart å ha både ny og gammal. 52 lører er der likevel og nokre er ombygde og endra. Ei lita løe står på Sandbekken, denne er flytta frå Førland, verneklasse B.

Større lører er det ikkje mange av. Løa på Stakland er eit flott døme på ei større



Løe på Ytre Kvam fra 1860



Løe på Sandbekken fra slutten av 1800. Flytta
frå Førland

løe frå ca.1870. Ei mindre løe står på Ytre Kvam. Begge desse er verneklasse A.

Løa på Stakland er delvis bygd av stein, og på Aksland står det ei større løe i stein, elles har me mindre lører og sommarfjøs i stein.



Løe på Stakland fra 1869

Eldhusa i kommunen er også gjerne bygd i stein. Dei er det 71 stk. av. Til domes er eldhuset på Øvre Helle eit flott eldhus med steintak. Her er det antyda høg alder sjølv om byggjeåret er ukjent.

Særleg i Nedstrandsområdet er det fleire flotte eldhus, men også nokre flotte kvernhus. Steinarbeitet er her sær fint.

Kvernhusa frå Dalva og Ytre Kvam er begge verneklasse A.

I SEFRAK- materialet er det og andre kvernhus. I Slogvik har kommunen ansvaret for eit kvernhus.



Steinløe på Aksland fra 1870

I Dalbygda i Skjoldastraumen, er det eit tilnærma autentisk kvernhus, og det står eit i Musland. Det er berre 7 kvernhus registrert i kommunen, så det er særskilt viktig å ta vare på desse.

Smier er det berre to av i kommunen. Det eine er på Sandsgård. Det andre, Slettebøsmia på Kårstø, har Karmsund Folkemuseum ansvaret for.

Gammal sag er det berre eit døme på. Den ligg på garden Sætre i Heskjadalen og er i ganske autentisk stand og eit flott døme på eit sagbruk. Dette vart utdypa i kap. 9.1 Vassdrag og dammar.



Eldhus på Helle. Ukjend byggeår, men 1600-tallet er antyda





Kvernhus på Dalva. Ukjend byggear



Kvernhus på Ytre Kram fra 1855

Naust og sjøhus i SEFRAK- materialet er i svært varierande forfatning. Nausta i kommunen ligg spreidd og det er ikkje mange autentiske naust frå 1800-talet. At bygga ligg tett til sjøen gjer at dei er meir utsette, og dermed også har kravd meir vedlikehald. Vedlikehald er nokre stader utført i tråd med tradisjonen bygget vart oppført i. Dermed finst det nokre fine naustumiljø i buktar og viker, til dømes i Muslandsvågen. Det er få steinnaust att i kommunen, men nokre små steinnaust finst. Karmsund Folkemuseum forvaltar eit på Kårstø. Store steinnaust finst berre på Nedstrand; eit i Vikjå, Hinderåvåg, og eit på Sandsgård. (kap. 6.1 Kulturmiljø)

Haldningane hos eigarane til å ta vare på desse ulike gamle husa er i stor grad positiv rundt i kommunen. Det er utført mykje godt vedlikehald, og då særleg av tak slik at bygga er tette. Eigrarar etterlyser ofte større økonomisk støtte. Dette gjeld kanskje særleg dei som har større bygningar, då desse vert stadig dyrare for eigarar å vedlikehalda og restaurera. Kunnskapen om eldre bygg ligg hos færre, og kostnadene blir stadig høgare, «for eit bygg ingen brukar». Fleire eigarar uttrykker både skam og skuld for hus som står til nedfalls i tunet.



Naust på Kårstø. Ukjend byggear

5.3 Bestemmelser og føringer for SEFRAK-materialet.

Plan og bygningslova er den generelle lova som nyttast ved handsaming av SEFRAK-materialet. Eit utdrag:

Plan- og bygningslova (PBL) i kulturminneforvaltninga:

PBL er et av kommunens verktøy i forvaltningen av kulturminner, og hensynet til disse nevnes flere steder i loven:

§ 11-8 omhandler ulike hensynssoner: "Kommuneplanens arealdel skal i nødvendig utstrekning vise hensyn og restriksjoner som har betydning for bruken av areal. Hensyn og forhold som inngår i andre ledd bokstav a til f, skal markeres i arealdelen som hensynssoner med tilhørende retningslinjer og bestemmelser".

Bokstavene c) og d) knyttes til kulturminner:

c. Sone med særlege hensyn til landbruk, reindrift, friluftsliv, grønstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø, med angivelse av interesse.

d. Sone for båndlegging i påvente av vedtak etter plan- og bygningsloven eller andre lover, eller som er båndlagt etter slikt rettsgrunnlag, med angivelse av formålet.

§ 11-9 slår fast at kommunen, uavhengig av kommuneplanens arealformål, også kan vedta bestemmelser om ulike hensyn. Disse kategoriseres i 8 punkter, hvorav det nest siste omhandler kulturminner:

7. hensyn som skal tas til bevaring av eksisterende bygninger og annet kulturmiljø.

Dette spesifiseres i enda større grad i § 12-7 som gjelder bestemmelser i reguleringsplan.

Punkt 6 omhandler kulturminneverdier:

6. Bestemmelser for å sikre verneverdier i bygninger, andre kulturminner, og kulturmiljøer, herunder vern av fasade, materialbruk og interior, samt sikre naturtyper og annen verdifulle natur.

I tillegg til dei generelle føringane i plan og bygningslova følgjer kommunen også generelle prinsipp for antikvarisk bygningsvern(RFK). Det vil variera frå sak til sak, men ein skal strekke seg så langt som mogleg mot desse prinsippa, då særlig i verneklassen A i SEFRAK.

Retningsliner for bygningsvern

Skift så lite som mogleg	Bruk rett listverk
Bevar konstruksjonsmåtar	Bruk tradisjonell taktekking
Bruk god materialkvalitet	Sjå til liknande bygg i området
Bruk høvla panel	Jordfargar tilpassa miljøet
Behald originale vindauge	Søk råd hos faginstansar

For kulturmiljø (kap.6.3) er det laga eigne bestemmelser i tillegg til desse.

Kulturminnelova:

Bygningar eldre enn 1850 er meldepliktige etter kulturminnelova § 25 kor det står:

De statlige, fylkeskommunale og kommunale organer som kommer i berøring med tiltak som omfattes av loven her, har plikt til å sende melding til departementet eller til vedkommende myndighet etter denne loven.

Kommunen plikter å sende søknad om riving eller vesentlig endring av ikke fredet byggverk eller anlegg oppført før 1850 til vedkommende myndighet senest fire uker før søkeren avgjøres. Vedtak om riving eller vesentlig endring av slike byggverk og anlegg skal umiddelbart sendes vedkommende myndighet, dersom denne myndigheten har uttalt seg mot riving eller vesentlig endring.

Saker som gjeld bygg oppført fra før 1850 skal altså sendast for uttale hos Rogaland Fylkeskommune. Dette gjeld bygg fra alle verneklassane i SEFRAK og bygg som også kan vera oversett ved registrering.

Rogland Fylkeskommune og Haugalandmuseene har den faglege rådgjevinga innan bygningsvern utover retningslinene nemnd ovanfor.

Materialet ovanfor viser at ca. 1,5 % av bygningane innan vernekategori A og B-objekt har forsvunne pr. år i Tysvær i perioden 1998 – 2014, mens det samla nasjonale målet for landet og kulturminne samla er eit svinn på 0,5 % pr. år i 2020.

I møte med eigalar av hus blir ein ofte møtt med spørsmålet om kva økonomiske verkemiddel det offentlege har, og sjølv om ein innan landbruksdelen då aktivt marknadsfører SMIL-ordninga, er det klart at ein har svært små økonomiske tilskott i forhold til behova.

Tiltak:

- Utarbeide økonomiske støtteordningar som tilskot og andre verkemiddel for å ta vare på prioriterte objekt i SEFRAK-materialet.
- Utarbeide lett tilgjengeleg informasjon om lokale, regionale og nasjonale støtteordningar for eigalar av SEFRAK-bygg eller miljø.
- Laga oversyn over kven som har god kompetanse innan bygningsvern og som kan bistå kommunen, musea og einskildpersonar med både rådgjeving og

utføring av arbeid. Handkraft er eit lag av handverkerar på Haugalandet som ønskjer å samla kunnskap kring det å ta vare på eldre bygningar og som held kurs og samlingar og som kan inngå i eit slikt oversyn.

- Digitalisering av arbeidet i matrikkel og nasjonale fora, som Kulturminnesøk/Askeladden.
- Etterregistrering av SEFRAK-materiale, då særleg for Nedstrand.
- Utarbeide fôringar for handtering og registrering av bygg frå 1900-talet.

5.4 Kulturmiljø

Ein foreslår 20 kulturmiljø kategoriserte som omsynssoner i kommuneplanen. Dei omfattar naustmiljø, bygningsmiljø, kaiar eller andre transportmiljø langs sjø, sag eller spesielle tun. Nokre av desse har allereie eit sterkt vern, mens nye tiltak i desse områda bør vurderast nøye. I tillegg til gjeldande bestemmelsar for SEFRAK-bygg, er det utarbeida bestemmelsar som gjeld for kulturmiljø:



Småhusa i Vikjå er frå ca. 1870

Bestemmelsar for kulturmiljø

Alle tiltak innanfor omsynssone for kulturmiljø skal godkjennast av kulturavdelinga i kommunen.

Ved tiltak bør ein ta særleg omsyn til eksisterande kulturmiljø ved utforming og materialval.

Tiltak som reduserer dei kulturhistoriske kvalitetane i området bør ikkje tillatast.

Innanfor strandstaden Nedstrand bør nye bygg vere kvite, eller lyse tilpassa fargar, ha saltak, og ha dimensjonar som harmonerer med eksisterande bygningsmiljø på staden.

For naust skal ein strekka seg etter å bruke dei eldre elementa, og i særleg grad retta seg etter miljøet naustet står i. Fargane for naust er mørkare jordfargar som går frå mørk beis til raud. Det er mogleg å gjera unntak, då særleg for store naust knytt til handel og handelstader; desse har ofte vore kvite. Dei generelle prinsippa for bygningsvern gjeld sjølv sagt også her.

KULTURMILJØ alfabetisk

Hinderåvåg	Fint villamiljø på begge sider av vegen mot Tveit Jordbrukskole. Ikkje Sefrak registrert, men tidlig 1900-talsmiljø. Kaien er teken med i dette miljøet.
Leiranger	Fornminner med naust og gravrøys. Del av leidangen. I samråd med Arkeologisk Museum ei ekstra omsynssone med naustet og området rundt dette.
Leirongsvika	Uregistrert naustmiljø. Det er eit gammalt miljø fordi det er naturleg god hamn. Det har truleg stått gilje på sørsida og nottørke på nordsida. Her er også statleg fortøyningsringar.
Leirå	Skolemuseum. Bygget er flytta hit, men det er også eit miljø med mange fornminne og rik kulturhistorie.
Muslandsvåg	Naust- og kaiområde. Spesielt fint miljø med naust frå 1800-tallet, sag og kaianlegg for dampskip.
Nessa	Eit særstilt fint miljø med unike store trebygningar og husmannsplassen «Veien». Rik historie knytta til Koll-slekta og middelalderen. Fleire fornminne.

KULTURMILJØ alfabetisk	
Nodland	Eit fint opprinneleg miljø frå siste halvdel av 1800-tallet. Eit av få opprinnelege tunmiljø i ytre Tysvær
Sandbekken	Fint miljø. Fleire av bygningane er flytta hit. Det er mogleg at saga på Sætra burde inkluderast i miljøet. Cleng Person er symbolsk knytta til eit av husa. Stort formidlingspotensial.
Sandsgård	Fint opprinneleg miljø frå siste halvdel av 1700-talet og første del av 1800-talet. Hovudhuset er freda av Riksantikvaren.
Skjoldastraumen	Slusa og sjøvegen inn i Skjoldafjorden. Ei av to saltvass-sluser i Noreg og bruer som viser utvikling i samferdsel. Den gamle slusebrua er verna av Vegvesenet på nasjonalt nivå. Her er og eit eid frå eldre historisk tid og ei gravrøys.
Slattevik	Butikk og kai, frå 1800-talet av. Dampskipsanløp, utgangspunkt for veg til Aksdal. Særs fint handelsområde.
Stakland	Særleg fint opprinneleg miljø. Eit større område med kvekerforsamlingshus og gravplass. Eit opprinneleg gardstun like ved som er velhalde. Fleire flotte steingardar.
Stranda	Eit større område med bustadmiljø frå 1800-talet. Tollbu og strandstad under utvikling. Vernesona bør utvidast. Det er fleire uregistrerte eldre bygg. Viktig handelstad gjennom fleire hundreår.
Strannå, Årvik	Eit fint opprinneleg miljø, med uvanleg mange fine steingardar frå 1800-talet.
Sundførvågen	Eit naustmiljø med både eldre og nyare naust. Bygningshistorie. Her er også fornminne. Fiskevåg kjent for «Sundførkastet».

KULTURMILJØ alfabetisk	
Sætra, Heskjadalen	Sag frå siste del av 1800-talet. Det er truleg den siste saga i Tysvær. Bekken som gav vasskraft har rester etter bruken av saga. Stem lenger oppe i elva. Saga har fleire opprinnelege element. Stort formidlingspotensiale.
Tiljemyrå, Løvland	Eit fint opprinneleg miljø. Husmannsplass som ligg midt i regulert industriområde på Kårstø. Tilknytting til industri, frå Slettebøsmia til Kårstøanlegget av idag.
Tysværvåg Kyrkjested	Tunmiljø med freda hus på prestegarden. Forminne med gardsanlegg, middelaldergravplass og gravminne.
Varaleite, Leiranger	Hovudgard og husmannsplass. Naust. Fint opprinneleg miljø. Hovudgarden er ikkje tatt med i omsynssona. Området har mange fornminne og er eit miljø som Arkeologisk Museum meiner det er viktig å ta omsyn til.
Vikjå, Hinderåvåg	Særs fint opprinneleg miljø. Husmannplassar med tilknyting til sjøen. To eidegdommar, den eine er registrert, naboeidegdommen bør registrerast.



Naustmiljø i Leirongsvika

I kulturmiljøa er det tatt med nokre som ikkje ligg i SEFRAK-materialet. Dette gjeld sluse, bru og mur langs kanal i Skjoldastrumen og villamiljø på Hinderåvåg. Leirå og Leiranger er kulturmiljø som krev ekstra bandlegging/omsyn til fornminne (Kap.4).

Tiltak:

- Fotografera miljø som eit større område. Nokre miljø er det eldre bilet av.
- Registrera Hinderåvåg, Vikjå og Leirongsvika i SEFRAK.
- Setja opp informasjonstavler.
- Laga rettleiar for estetikk i strandsona og kulturmiljø.

Nedstrand prestegard er ikkje freda, men verneklass A i SEFRAK.

Prestegarden har tre bygningar; våningshus, stabbur og uthus. Våningshuset er bygd delvis i 1848 og delvis i 1886. Bygningen blei flytta i 1919-20 og ved gjenreising fekk den klassisistisk preg. Stabburet er også flytta og har ukjend byggår. Prestegarden er eit viktig kulturmiljø. Nedstrand prestegard stod på fredingsvurdert liste frå Riksantikvaren, men blei ikkje med i den nye



Nedstrand prestegard 1848. Flytta 1920

fredingsvurderinga i 1993. Rogaland Fylkeskommune har prestegarden med i fylkesplanen for kulturminne, under fredingsklasse.

Tiltak:

- Sikra nødvendig vedlikehald og evt. brannsikring.
- Prestegarden på Hinderåvåg er eit viktig kulturmiljø. Det bør opprettast ei omsynsone/spesialområde bevaring for prestegarden ved neste rullering av kommuneplanen.

6. Kulturlandskap og landbruk

Tysvær er ein stor landbrukskommune i Rogaland. Det finst over 330 gardar med eit samla jordbruksareal på ca. 50 000 dekar. Jordbruket var tilbake i tida hovudnæringa i Tysvær med ein oppsving frå første del av 1800-talet grunna handelsblokade og sildeeksport. Betre reiskapar og meir kunnskap gav auka avlingar, og attåtnæringer som fiske var også viktig for bonden.

Bonden hadde ein høg posisjon i samfunnet, og det vart rekna som skam å selje ættegarden og fleire gardar i Tysvær har lange tradisjonar langt tilbake i tid. Utover på 1800-talet auka talet på gardsbruk raskt oppover. Frå ca 67% sjøleigar i 1835 til 94% i 1875. Med mykje og tungt arbeid kom behovet for meir arbeidskraft, og med auke i befolkninga kom behovet for meir mat. Ei god inntekt og eit alternativ til å dele opp gardane var ordninga med husmann. I 1802 hadde garden på Odland 5 husmannsplassar, garden Sandsgård hadde heile 14 familar og strandsitjarar under seg i 1774.

Husmann er ei nemning på ein jordbrukar som leigde eit jordstykke av ein gardbrukar. Som motyting måtte husmannen arbeida for gardeigaren,



Tuntr i Vassenden

eller betala leige, eller begge delar. Husmannen åtte ofte sjølve huset og kunne ta dette med seg om han flytta.

Husmannen hadde gjerne nokre husdyr, men måtte ofte ha anna arbeid attåt, til dømes innan fiskeri eller handverk. Ein husmann som berre leigde hus nedmed sjøen vart kalla "strandsitjar", og er knytt til små tettstader. Ein strandsitjar kunne då vera alt frå fattig fisker til kjøpmenn med nokså god råd.

Husmannsvesenet i Noreg utvikla seg frå 1600-talet, og hadde ein topp midt på 1800-talet. Befolkinga vaks kraftig og därlegare tider førte til auke av unge som emigrerte til byane og til USA. I 1928 kom det ei lov som gav husmennene rett til å kjøpe tomta som huset deira stod på og tidleg på 1900-talet vart husmannsvesenet avvikla.

Tysvær kommune kan ein dele i ytre og indre område. I dei ytre delane er det kring gardane Gismarvik, Odland, Haukås, Førland, Tysvær, Kvinnesland, Årvik, Falkeid og Hervik veksten i folketal er størst. Her auka folketalet med 6,55 % i åra frå 1801 til 1825, mot 1,58 % i resten av kommunen. Tilflytting av husmenn

er ei årsak til auken. I 1758 var det her 16 husmannsbruk, i 1801 var det 44, og i 1835 var det 84.

Det var stor skilnad på husmannsplassar i Tysvær. Nokre var store og gav god inntekt, til både husmann og bonde. Andre klarte ikkje å brødfø ein familie. Mange husmannsplassar gjekk tilbake til garden eller vart eigne bruk utover på 1900-talet.

På Nedstrand var det ein auke i folketalet på 1700-talet, og nedgang på 1800-talet. Staden gjekk frå å vera ein yrande tettstad til fråflytting. Særskild for Nedstrand var strandsitjarar. I 1707 var det 36 strandsitjarar på Stranda. Dei fleste er fiskarar, men handverkarar av ulike slag og tidligare soldatar freista lukka på tettstaden med mange små strandsitjarhus langs sjøkanten.



Steintrapp på Kallakodt



Strandsitjarhus på Stranda frå slutten av 1800

6.1 Innmark og utmark

Det tradisjonelle "gamle" kulturlandskapet var prega av at alle tilgjengelege ressursar måtte nyttast. Den beste jorda vart nytta til åker. Elles blei det beita, slått og sanka "alle stader"; heime på garden, i utmark, skog og fjell.

Kulturlandskapet endra seg ved utskiftinga rundt midten av 1800-talet. Teigane vart meir samla og åkrane vart større. Då plogen avløyste spaden fekk ein rydda bort meir stein og åkrane såg også annleis ut. Det vart i hovudsak dyrka havre, poteter og gras. Kornet var viktigast for bondene, men før til dyra var nesten like viktig; å skaffa nok høy og få det tørt i hus.



Styvete i Vikjå



Høying ein sommardag på Sagbakken. Anna Askeland og tanteungen Minny Næss. 1926

Ein slo gras og lyng i utmarka og langs bekkefar. «Skrapslåtten» var med å skapa kulturlandskapet i utmarka. Lyngen brukta dei fersk, og gammal lyng brende ein slik at det kom ny ung lyng. Bondene lauva/styva trea og brukte småbuskar og lauv til for. Dette, saman med beiting heldt vegetasjonen nede i utmarka. Dette kulturlandskapet er i ferd med å forsvinna ved at det veks igjen, og dette er ei stor utfordring i dag.

Tiltak:

- Musea har teke vare på mange reiskapar frå jordbruksverket. I Førre finn ein restar av ei «Hestevandring» som er ei innretning for å nytta hestar til å trekka roterande maskinar, til dømes treskeverk eller torvstamper. Denne kan vera interessant å ta vare på.
- Ta i bruk landskapet slik at kulturlandskapet kan visast igjen og hindra ytterlegare gjengroing.
- Ta vare på minne om husmenn og strandsitjarar.



Hestevandring i Førre. Foto: Harvig Waage



Hestevandring. Maleri av Robert T. Hayes

6.2 Skog

Skogarealet i Tysvær kommune utgjer om lag 163000 dekar, tilsvarande 42 % av fastlandsarealet i kommunen. 778 eigedommar står oppført med eit produktivt skogareal.

Skogarealet var frå gammalt av tilvaksne med drivverdig skog; mest furu, men også varmekjære treslag som eik. Mykje tømmer vart eksportert til Skottland, England og Nederland, mest frå områda Lindanger, Yrkje, Hinderå, Lysevatnet, nord- og austsida av Nedstrandshalvøya.

Tollbua på Nedstrand var sentral i trelasthandelen. Sagbord og furubjelkar utgjorde mykje av eksporten.

Mykje av denne skogen, og den beste av han, vart avverka på 1400 til 1600-talet. Ut på 1600-talet kom fleire restriksjonar på hogst, saging og utførsel. Under dei gode tidene i trelasteksporthen var det mange oppgangssager i bruk, særleg frå Skjoldstraumen og utover Skjoldafjorden og rundt Nedstrand. Tidleg på 1700-talet var det ikkje drivverdig skog av god kvalitet i Nedstrand og Skjold.

Trelasthandelen fekk ein ny auke på 1760-talet, og det vart hogd hardt i skogane også framover 1800-talet, men etterspunaden var ikkje like stor som i glansdagane på 1500 og 1600-talet.

Etter 2. verdskrig var det ei sentral oppgåve å byggja opp landet sine ressursar. Det blei då sett i gong ei storstilt skogreising. Målet var å ta i bruk unyttar eller svakt utnytta utmarksressursar til næringsretta aktivitet.

Tiltak:

- Synleggjera eventuelle spor etter sager.

6.3 Steingardar



Steingard på Høie

Steingardar vart brukte som gjerde. Desse heldt ikkje så godt sau og geit, men var nytta i geilar og skilje mellom innmark, utmark og eigedomar. Skogen vart stadig meir uthoggen og då vart Stein nytta i staden for tregjerde.



Steinfjøs i Førre. Foto: Harald Waage

Eit døme er steingarden som skulle skilje innmark og utmark i Førre. Det vart her bygd fjøs for husdyra inn i steingarden slik at denne utgjorde eine veggen. Avsigtet gav god gjødseleffekt på innmarka nedanfor.

Tiltak:

- Steingardar er ein viktig del av kulturlandskapet og det skal søkast til kommunen ved endring eller riving. Søknad skal sendast byggesak, og kultur skal uttale seg.
- Registrere unike steingardar.

6.4 Torvmyr



Plukking av torv på Høie. Bertha Kallevik og Mathias Høie. 1925

Torv brukt til brensel er ein gammal tradisjon. Det er to typar uthenting av torv; spatorv og maskinering. Torva vart nytta til alle typar fyring, frå eldhus og våningshus, til å varma drikkevatn til dyr eller kløyva steinar på jordene. Ein spadde gjerne 10-14 dagar under «Torvinnå». Det skulle ca. 40 lass til for eit års forbruk, så inngrepa i naturen var ikkje ubetydelege. Reiskapen var torvspade, torvgreip, torvbåre og torvljå. Etter kvart nytta ein maskin, kalla maskinering,

med eit arbeidslag på om lag 9 mann. Då kunne ein nytta lausare torv og meir torvmold, og ved hjelp av hest og vatn stampa ein torva. Frå 1900-talet var det folkedrevne maskinar for då kunne ein komme nærmare myra, og nytte endå våtare torv.

Tiltak:


- Informasjonstavle ved tidligare torvmyr i Førre.

6.5 Hage

Hagebruk var meir knytta til strandstaden Nedstrand enn i resten av Tysvær. Hagedyrking som attåtnæring går heilt tilbake til 1600-talet og gav god inntekt. Det vart dyrka krydder, timian og krusemynde som dei sendte til Bergen. Kål, gulrot, bønner og charlottlauk gav god inntekt til strandsitjarane. Bær og frukt vart dyrka og sende både til Stavanger og England. Nedstrand hadde dei fleste frukttraa i heile Ryfylke. Frukthagane var ofte i nærleiken av tunet. Ein del av dei gamle frukttraa står nå i utmark. Sjølv om handel med frukt, bær og urter er knytt til Nedstrand, vart det nok dyrka i mindre skala til heimebruk på gardane rundt i Tysvær.



Steinmur rundt hage i Gismarvik. Foto: Vidar Aarhus



Hage i Folgedalen, Kleiberg 1889

Tiltak:

- Registrere restar etter hagar; Gismarvik, Leiranger og Solstrand.

6.6 Falkefangst

Falkefangst som næring er dokumentert heilt tilbake til 1100-talet og kanskje endå lengre. Ein brukte falk til jakt, og det vart sett på som ein kunst å trenna ein god jaktfalk. Grunna terrenget var bruken av jaktfalk i Noreg beskjeden samanlikna med land lengre sør der jakta føregjekk frå hesteryggen og i stor fart. Små hytter, nærmere torvgammar, vart sette opp i fjellet. Det vart og sett opp stolpar med tauverk til lokkedua, og eit nett vart kasta over falken.

Restane etter slike hytter er det ikkje mange av, men det finst ein del geografiske namn i tilknyting til falkefangsten.

Fangsten i Noreg ebbar ut mot midten av 1800-talet.

I Tysvær har me namn knytt til falkefangst, til dømes Valhest, og på Nedstrand er det fleire namn: Falkanibbå (Seldal), Falkehytten (Dalva), Falkeskytteskaret (Dalva).

Tiltak:

- Rekonstruera falkehytte på Dalva.



Illustrasjon av fangsthytte og stolpe med lokkedue

7. Maritime kulturminne og fiske

7.1 Fiske



Sildefiske ved Sandsgård. 1901

Fiske har vore ein stor del av næringsgrunnlaget i Tysvær. Kystlinja er svært lang og med fjordarmar hadde mange tilgang til sjøen. Den såkalla fiskarbonden spedde på inntekta si med det ein kunne tena på sildefiske. Mest kvar gard hadde ein båt, og dei fleste hadde også tilgang til naust, på eigen eller annan manns grunn. Fisk var og ein stor del av kosthaldet og ein fiska med garn, nøter og glip til husbruk.

Vårsildefiske går langt tilbake i tid, men fiske gav særleg god inntekt på 1800-talet og tidleg på 1900-talet, og mange investerte i gardane sine. Etter kvart kom tilreisande, særleg frå Telemark og Hardanger for å delta på fiske, og då gjekk fortenesta noko ned, men det var likevel ei god inntekt. I tillegg til sild fiska ein og etter hummar, makrell, torsk og laks.

Dei heime måtte og vera med på arbeidet med fiskeria. Kvinnene måtte strikka og veva kleda. Dei deltok også i sortering og salting av silda, her måtte også barn



Sildasløye på Glette. 1930

delta. Dette var tungt og kaldt arbeid, og tempoet måtte vera høgt då betalinga var for mengda. Dei mennene som ikkje fiska, deltok gjerne i anna arbeid, som lossing og tønneproduksjon.

I 1855 var det heile 28 salterier i Tysvær og Bokn. Til dømes var det i Muslandsvågen fleire salteri og i Toftøy stod det eit stort 3-etasjar salteri. I Vassendvik var det fiskemottak.



Naust nytta til salteri på Odland. Foto: Vidar Aarhus

Fiske i Yrkjevågen og Sundførvågen skil seg litt ut frå andre gode kaste- og fiskevågar. Yrkjevågen er nemleg ein av få som er privat eigd og med eige matrikkelnummer. Her sat dei i gilje på skift. Inne i vågen hadde dei eit nothus og eit lite stovehus. I Sundførvågen var også fisket godt, og her stengde dei av fjorden for å kasta etter sild og makrell. Her var ikkje fjorden privat, men det fungerte jamvel nesten slik. Her vart «Sundførkastet», notkast inst i vågen kjent, og andre fiskarar vart jaga bort.

Tiltak:

- Synleggjera og formidla historia.
- Registrera salteri: Muslandsvåg, Odland.
- Registrera naustmiljø.
- Registrera giljer, nottørker.



Yrkjevågen fiskeri

7.2 Båtbyggjartradisjon og skipsbygging

Ein har ikkje mykje dokumentasjon på båtbyggjartradisjonane i eldre tider. Det vil ikkje seie at det ikkje var nokon aktivitet. Ein veit at tradisjonen endra seg lite frå vikingtid til slutten av 1800 talet. Overgang til motor og moglegheit for masseproduksjon, samt at reiskapen endra seg, gjorde at byggemåte vart endra.



Barken "Constant" 1886. Skipper Overland var frå Nedstrand

Sist og ikkje minst var overgangen til plast ei stor endring. Desse faktorane var med på å undergrave handverket.

Mange mindre båtar vart bygde rundt om i bygdene. I Tysvær kommune sto båtbyggjartradisjonen sterkest i Nedstrandsområdet. Ein snakkar gjerne her om Kollevågbåtar og Stølsvikbåtar. Etter kvart fekk båtane motor og båtane vart også større.

På Nedstrand er det lange tradisjonar for skipsbygging. Det vart bygd store utanriksgåande fartøy allereie på 1600-talet, og framover på 1800-talet kom ny framgang i tal på skip som vart bygde.

Det vart i Rogaland då bygd om lag 600 skip, 300 av dei i Stavanger. I 1840 – åra var Nedstrand ein av tre stader med omfattande båtbygging i Ryfylke. Det var skipsbyggjarvervar på Hapnes, Hinderåvåg, Stranda, Indre Amdal, Toftøy, Bakkevik, Stølsvik og Sandvik, samt



Galease «Progress» bygd i 1876 i Sandrik av Sigve Stølsvik. Foto: Haugesund rederiforening/Karmsund folkmuseum.

Bådsvik i Skjoldstraumen og Årvik ved Kårstø. På slutten av 1870 åra gjekk konjunkturane ned og skipsbygginga gjekk konkurs.

Båtbyggjaren Eirik Andreas Torsteinsen (Gard og ætt, Tysvær Sokn, bind 2, s 245.) var verkeleg med å utvikla båtbygginga. Han kom frå Årvik i Tysvær, ein av stadene ein bygde skip. Han reiste til Lista for å læra båtbygging av Gjert Gundersen. Han var ein kjent båtbyggjar. Her vart Listerskøyte utvikla. Dette var byrjinga på dei overbygde båtane. Dei tålte lengre turar med dårleg ver, og ein fall ikkje så lett over bord når ein fiska. Torsteinsen flytta nordover i landet og vidareutvikla skøyta der. Nokre andre båtbyggjarar er Ole Halvorsen Bådsvik og Sigve O. Stølsvik.

Det er teke vare på ein del utstyr knytta til sjøen; kister og reiskap. Nokre båtar er også tatt vare på. Karmsund Folkemuseum har både reiskap og båtar i si samling. Det er nokre fine naustmiljø i kommunen, til dømes Muslandsvågen. I Leirongsøya står husbonden og husmannen sine naust tett saman med gamlebåtar i. Leirong Kystlag har ein visjon om å ivareta kompetansen innan kystkultur. Kystlaget ønskjer ikkje å vera eit museum, men ein arena for vern gjennom bruk. Dei jobbar også med kor og korleis ein skal ta vare på båtar. Musea og fylkeskommunen er rådgjevande instansar regionalt.



"Hilding" bygd i 1876. Frakta m.a. sand og sild. Foto: Sameie Hilding

Riksantikvaren har eit ønskje om styrking av fartøyvern og har lagt fram ein fartøyvernplan for 2010-17 med nasjonal freding av opptil 40 fartøy. Leiaren i Leirong Kystlag tek vare på båten Hilding.

Nokre båtar frå Tysværområdet		
Notbåt. Bygd 1880-90 av Lars Kollevåg	Muslandsvågen	Karmsund Folkemuseum
Vengbåt. Bygd av Ommund Ommundsen Baustad 1840-50. Klinkebygd	Baustad	Karmsund Folkemuseum
Notbåt/seksæring "Fanten"	Sundfør	Karmsund Folkemuseum
Storfæringer	Vargarvika	Leirong Kystlag
Seksæring	Varaleite	
Færinger	Kodlevågen	Leirong Kystlag
Færinger	Toftøysund	Privat
Færinger	Topnes	Privat
Notbåt	Varaleite	Privat
Færinger	Amdal	Privat
Færinger	Skjoldastrauen	Sluselaget
Seglkutter "Hilding" bygd 1875, engl.	Brukt i Tysvær.	Leirong Kystlag

Tiltak:

- Synleggjere historia knytta til sjøen og båtbyggjartradisjonen gjennom registrering og evt. skilting der ein finn spor etter interessant aktivitet.

8. Næring - frå handtverk til industri

8.1 Vassdrag og dammar

Vasskrafta er ein viktig ressurs og vart nytta flittig i eldre tider. Det skulle ikkje store bekken til før ein kunne nytta den til kvern eller sag. Registrering av dei fysiske spora er kulturminneplanen sitt hovudfokus. Det er gjort noko arbeid med å registrera og skaffa oversyn over stemmar/demningar i forbindelse med kverner og sager, men ein del registrering står att.

Lista på nedanfor inneholder registreringar hos ulike etatar over vassdrag og dammar.



Stemmen ved Skorpervatnet. Foto: Dagfinn Silgjerd

Stemmar og dammar alfabetisk
Dammar som er registrert hos NVE: 3stk
Sandvikvatn I og II (Atholdtsdam og hovuddam)
Stakkestadvatn
Dammar registrert i Tysvær kommune: 14stk
Bakkavikvatnet, stem og kvernrester, Liarvåg
Gamla Torvmyrå, Hustoft
Holmavatnet
Krokavatn, Bjelland
Lauvskarvatnet, Sandvik

Leirangerstemmen, Siljerdalen
Lysevasstemmen, Lysevatnet
Sagbakken I og II
Sandvikstemmen I og II (nemt hos NVE)
Stem i Kvamsvatnet
Straumsbekken, Skjoldastrauen
Stølstjødnå, Hustoft
Tednalandsstemmen, Skorpevatnet
Vassbotn
Kjente dammar/stemmar, ikkje registrert: 16stk
Aksdalsvatnet
Badnavatnet
Bjelland
Eikeskog
Hesthammer
Høievatnet
Ikdal
Klovning
Nodland
Rønneviksstemmen
Sandbekken
Siljerd
Staua
Stemmevatnet , Sætre (til sag, Sefrak A Gbnr 31-1/1146-210-021 Sagbruk)
Storestemmen og Littlestemmen, Stakkestadvatnet
Tveit
Udnavika /Kvernmyrå
Årvik

Årvikelva, eller Falkeidelva, er eit godt døme på kor rik bruken av ei elv kunne vera:

I denne elva har det vore tømmerfløting, kvern, stampa og laksefiske.

Tømmeret blei henta ut i skogen rundt Bringedal og Håland og ført nedover Storevatnet. I Årvikelva var det to stemmar. Stemmen ved Austbø stengde dei att og let elva stiga slik at tømmeret kom seg nedover. Store deler av Austbø sto då under vatn. Så stengde dei Falkeidstemmen og slusa tømmeret ned «fossen». Elva er ikkje særleg brei, slik at ein kunne styra mykje av tømmeret langs land. Tømmeret blei ført ned til Elvaosen og Sandholmen. Det er framleis fortøyningsringar etter skipa som henta tømmeret her.

Ved stemmen ved Falkeid var det tidligare ei kvern. Kornet blei tørka i ei korntørke ved Osen, som også var lager for mjøl som skulle skipast til Stavanger. Her var det ikkje kai, så der sto nokre lastebommar for først å lasta varene over i mindre båtar, og så over i dei større skipa. I huset med korntørka skal det også ha vore kvern ei tid og seinare kraftstasjon under lensmannsgarden Årvik.


Ved Falkeidstemmen var det og ei stampa, og vadmelen ein laga var av god kvalitet. I tilknytting til stampa var ei systove, der ei kvinne, truleg Siri Larsdatter, sydde vadmeldressar. Ho var vevar og stova blei kalla Siristova.

Smier var det to av; ei ved Falkeidstemmen og ei på Slettebø. Det var store førekommstar av myrmalm nord for Stølen. Myrmalmen blei nytta i smiene, men også frakta ut med dampskipa. Smia ved Sørhaug laga mykje spiker. Slettebøsmia hadde ein meir allsidig produksjon.

Årvikgarden hadde rett til laksefiske i elva, og tok inn leige for vassfall for både kvern og tømmer. Det var eit vasshjul som dreiv stampa og smia.

Tiltak:

- Fullstendig registrering av stemmar og dammar, og dokumentasjon av historia kring bruken av desse.
- Leggja dammar/stemmar inn på kart og setja opp informasjonstavle på særskilte stader som Årvikelva.



Sager på 1660- og 1700-talet.

8.2 Kvernhus og sagbruk i SEFRAK- registeret

Tysvær har i tidligare tider hatt mykje skog og handel med trelast som ei viktig inntektskjelde. Det var i Nedstrandsområdet at ein handla mest, og dermed er det også her det var flest sager. Trelasthandel starta før alvor ved Skotefarten



Saga på Sætre. Bygd 1850-70

på midten av 1500-talet, og skipa hadde med varer til områda, og trelast heim. Kraftig uthogging av skogen førte til ein nedgang på slutten av 1600-talet. Men ein liten oppsving på 1700-talet og utover på 1800-talet førte til nytt liv i sagbruka.



Kadl på kverna i Musland

Det står berre ei og ei halv sag att i Tysvær. Den eine halve er Tendelandsaga i Muslandsvåg, denne har ukjent byggjear og har vore naust i lengre tid. Lite er att av saga. Den andre står på Sætre i Heskjadalen og er fra 1850-70. Saga på Sætre er i sær opprinnelig stand. Det er også rester av stemmar i den tilhøyrande elva.

I Tysvær har ein dyrka noko korn, men historia syner at ein dyrka mindre enn det ein trong. Utover på 1800-talet mangla dermed dei fleste korn, og ein kjøpte gjerne korn fra Jæren. Men i ein del bekkar vart det sett opp kvernhus. Nokre gjekk saman om å mala kornet, og andre tok betaling for å mala for andre.

Tysvær har 5 kvernhus i vernekasse A. Kvernhuset i Slogvik er det Tysvær kommune som har tilsyn med, og denne kverna er i god stand. Denne er lafta, og kvernene både i Dalbygda og på Sandsgård er i tre. Kvernhusa på Dalva og Ytre Kvam er i stein.



Kvern i Dalbygda

Kvernhus vernekategori A

- 6 Gbnr 34-1 Slogvik Hundsnes
- 31 Gbnr 115-6 Dalbygda Skjoldastraumen
- 53 Gbnr 182-1 Sandsgård Nedstrand
- 61 Gbnr 187-3 Dalva Nedstrand
- 70 Gbnr 191-1 Ytre Kvam Nedstrand

Kvernhus vernekategori B

- 90 Gbnr 104-10 Grinde
- 174 Gbnr 155-2 Musland Nedstrand

Sagbruk vernekategori A

- 4 Gbnr 31-1 Sætre Heskjadalen
- 44 Gbnr 159-1 Muslandsvåg Nedstrand - (Naust med rester frå saga)

Tiltak:

- I ein kommune der skoghogst har vore viktig er det naturleg å ta vare på den eine saga som er att på Sætre. Det er omfattande arbeid som må gjerast. Her er det stort formidlingspotensiale då saga ligg i nærleiken av Sandbekken.

- Utbetre kvernhuset på Sandsgård: Kvernhuset på Sandsgård er ein del av kulturmiljøet der, og det er i dårlig forfatning, elva flymmer til tider inn i huset. Huset kan ha vore eit lite strandsitjarhus på Stranda før det vart flytta til Sandsgård.

8.3 Meieri

Mjølka var ei viktig inntektskjelde for bondene. I ytre delar av Tysvær begynte ein tidleg å gå med mjølkebør eller klov til Haugesund. Dette gjorde at vegane vart tidleg utbetra her. Men i indre delar kunne ein ikkje levera fersk mjølk til Haugesund og det vart kinna og ysta heime. Eit av dei første meieria i Rogaland låg difor på Nedstrand. Dette vart truleg oppretta i 1876. Det kom fleire meieri i Tysværområdet, og ikkje alle hadde like lang levetid. Kring 1920-talet hadde dei fleste begynt å levera mjølka til Haugesund. Baustad ysteri på Nedstrand produserte like fram til 1937-38.



Eit av dei første meieria låg på Stranda

Meieri i Tysvær	
Nedstrand meieri	1876
Baustad ysteri	1907
Falkeid meieri	1908
Slåttevik meieri	1909
Førland meieri	1909
Steinbru, Vordenes ysteri	1912

Tiltak:

- Huset til Nedstrand meieri står endå på Stranda. Dette huset er innafor bevaringsona på Stranda og er merka ut til bevaring på reguleringsplanen. Huset som Baustad ysteri var i, står også endå. Begge desse bygningane bør registrerast.

8.4 Handel



Handelstaden og sjøhus Solstrand. Bygd ca. 1908

Etter kvart som samfunnet utvikla seg og varer gjekk over frå å vera varebyte til handelsvare med pengar, vart det skapt handelsplassar ved viktige

samferdselsstader. Desse låg ved kaiar så lenge sjøen var hovudferdselsåre, og det var mange slike handelsstader i Tysvær.

Nokre handelstader - dei fleste ved kai

Auklandsvik	Nordre Askeland
Espevik	Skjoldastrumen
Hervik	Slåttevik
Hinderåvåg	Solstrand, Høie
Lervik	Stranda, Nedstrand

Prioritert

Kulturhistorisk ser ein for seg to handelstader i Tysvær som ein for framtida bør ha kulturhistorisk fokus på:

Nedstrand med Stranda strandstad, og Slåttevik handelstad. (Nedstrand Strandstad sjå kap. 15.3.)



Handelstaden Slåttevik 1930

Slåttevik utvikla seg frå 1800-talet til ein viktig handelsstad etter at der kom landhandel og gjestgjeveri for reisande i 1851. Etter kvart vart Slåttevik også det viktigaste knutepunktet for båttransport mot Stavanger og Kopervik for tidlegare



Part av Nedstrand.

Handelstaden Stranda 1935

Tysvær kommune. Her var også bakeri og stallar der ein kunne setja hestane når ein var på reise. Butikken her ber framleis preg av å stå i ein lang historisk tradisjon. I kommuneplanen er området *Omsynssone med båndlegging* etter lov om kulturminne.

Tiltak:

- Slattevik og Stranda som handelsteder må følgjast opp i planarbeid slik at ein sikrar dei kulturhistoriske særtrekka.

8.5 Steinindustri

Ei granittåre går frå Bakkevikholmane og langs fjorden til Espevik, over søre delen av Borgøy og vidare til Herviklandet og Djupedalen på vestsida av Hervikfjorden. I dette området finnster mange spor etter steinhoggarar og steinindustri. Langs fjorden Skiftesvik – Narravik på Nedstrand er der mange synlege spor etter tidleg steinhogst. Det same er tilfellet på Svartaberget sør aust på Borgøy der Tysvær Steinhuggeri heldt til 1909 – 1912. I 1912 flytta verksemda til Djupedalen i Hervik under namnet Hervik Steinhuggeri.

Det største og mest kjente er macadamverket på Borgøy. I området her vart det drive steinindustri i perioden 1924 til 1938 og på det meste var her opp til 75 tilsette. Det vart produsert gatestein i granitt og seinare pukk. Stein var



Macadamverket på Borgøy. 1938

sendt både til norske byar og ikkje minst eksportert til ulike storbyar i Europa som London, Amsterdam og Brussel. På 1950- og 60-talet vart det også drive kvartsuttak i Hervik. Kvartsen vart sendt til fajansefabrikkane i Stavanger, Figgjo og Egersund.

Tiltak:

- Steinhoggarhistoria bør syneleggjerast gjennom tilrettelegging. I området Skiftesvik – Narravik ligg det i naturen godt til rette for å visa fram den tida ein hogg stein med handemakt.
- Vidare kan macadamverket på Borgøy med meir industrielle spor også vera aktuelt for synleggjering.

8.6 Nyare næringar og industri

Det var ikkje mykje ein kunne kalle industri i Tysvær området på 1800-talet. Ser ein skipsbygginga og steinindustrien for seg sjølv, er det meieria, sagbruka, smiene og stampene som kan kallast den spede byrjinga til industri. Det var sjølv sagt ein del handtverk rundt om, men ikkje i stor skala. Nemnast bør tonneproduksjon på Nedstrand. På Førland vart det produsert kjerrer og hjul for sal. I Slettebøsmia vart det frå 1900 produsert, mellom mykje anna, sagblad til sagene rundt om i distriktet, t.d. til saga på Sagbakken. Her var det også mølle, likeeins på Steinbru og i Grinde. I Grinde var det også stampe. Men det er kanskje Slettebøsmia



Mølla på Sagbakken. 1920

som peiker seg ut med både maskinar og produksjon i større skala. Denne er forvalta av Karmsund Folkemuseum.

Tidleg på 1900-talet begynte ein å kartleggja ulike fossar for bygging av kraftverk. Undersökingane synte at berre Svinalielva og Sagbakkeelva var store nok. I 1916 vart det reist elektrisitetsverk på Sagbakken. Også andre stader var det mindre kraftverk. Jordbrukskulen på Nedstrand hadde eige kraftverk frå 1911, Steinbru frå 1918. Nokre år seinare deltok Tysvær i eit interkommunalt samarbeid om kraftforsyninga; Haugesundshalvøens og Karmøyss kraftselskap.

Førre fekk tidleg straum frå 1930, medan Gismarvik fekk frå 1958, og gardane langs Lysevatnet måtte vente heilt til 1961. Hervik hadde eige kraftverk frå 1947, og Bjelland, Kvam og Årvik frå 1948.

I Hervik starta Rogaland Konservefabrikk i



Kraftverket på Sagbakken er bygd av Stolt-Nielsen i 1916

1939. Her vart det handla med frukt og bær til produksjon av saft og syltetøy. I 1964 starta også ein liten konfeksjonsfabrikk som laga m.a. kjedressar.

På 1960-talet kom det også meir industri til Førrefjorden frå Haugesund. Her var det betre tilgang på tomter og A/S Treco, Vestbetong A/S og Norsy etablerte seg. Det vart to slags sentrum i kommunen, eit kring næringa på Førre/Frakkagjerd og eit kommunalt senter i Aksdal, med rådhus i 1971.



Emil Lundervold utanfor Sjukeheimen i Aksdal

I Aksdal vart det også bygd sjukeheim og psykiatrisk senter. Aksdal Senter vart bygd i 1984. Året etter vart Kårstøanlegget opna, og med dette var storindustrien kome til Tysvær. I 1993 vart Tysvær kulturhus opna, og seks år etter kom badeanlegget.

Tiltak:

- Aksdal si plassering som trafikknutepunkt gjer at ein her bør formidla det heile Tysvær har å by på av historie til forbipasserande og turistar, t.d. ved informasjonstavle.

9. Samferdsel på land og sjø

9.1 Ferdelsårer/vegar på 1800-talet

Skulle ein kome seg nokon veg før bilen kom, måtte ein brukta eigne føter. Sjølvsgart hadde ein hest, men den vart nytta når ein skulle gå med større last. Vegane vart ofte til mellom kaiane, eller frå kaiane og ut i bygdene. Kaiane var naturlege møtestader, og der kunne ein få varer til og frå byane. Stavanger var den store byen, men Haugesund og Kopervik var og store handelsenter.



Kjerrehjul frå Høie



Vegen frå Dåven til Eide. Foto: Sverre Nordbø

Båt vart mykje nytta, både til kyrkje og handel, men skulle ein mellom bygdene, måtte ein gå og det var ikkje gjort i ei handvending. Nokre hovudtrasear er fleire hundre år, t.d. er postvegen frå Haugesund til Ølen frå ca. 1560.

I Tysvær var ein av dei fyrste vegane, som ein kunne køyre med hest og kjerre, frå Søvik til Tysvær kyrkje. Denne vegen vart kalla Prestevegen og er frå 1837. Det var på 1800-talet at ein byrja å opparbeida vegar, det er også då dei større dampskipa kjem. Handelen tek seg opp og ein ser nytta av betre vegar. Rutebussar kjem så frå 1920-talet. Desse vegane er i stor grad dei vegane me kører på i dag, og nokre stader går «gamlevegen» litt ved sida av, eller så tek den ei slynge ut til ei bygd, til dømes rundt Nes i Skjoldastraumen.

Kulturkontoret har samla informasjon om ein del av vegane frå Nedstrand Bygdemuseum, Tysvær Historielag, andre informantar og Historiske Amtkart:

Nedstrand:

Sandvik/ Espevik - Stranda, utbetring 1837 (rideveg)

Espevik kai - Skjoldastraumen 1891, (rideveg)

Espevik kai - Borgenvik - Bakkevik - Liaskaret - Li - Voll - Topnes - Vik-Borgenvikdalen - Borgenvik (postvegen)

Sandvik - Hustoft - Silgjerd - Hinderåvåg (kyrkjevegen)

Stranda - Sandsgård- Vaulen - Holmen- Baustad - Smittet (Nedre vegen)

Stranda - Indre Amdal

Doskar - Støla - Hetland

Vassendvik kai - Vassenden

Vassendvik - Hinderåvåg, om Amdal

Vassendvik - Stølsvik

Vassendvik - Doskar - Hapnes

Alstveit - Tendeland

Silgjerd - Oskedalen

Vik - Sørtveit, Leiranger

Bjelland - Skorpe (Kjørkjeskaret)

Yrkje/Skjoldastraumen:

Vik - Lindanger

Vågen - Hustoft (kyrkjeveg)

Vågen - Grasdalen - Seltjørna

Søllesvika (Yrkje kai) - Austerli - Lindanger (likvegen)

Søllesvika (Yrkje kai) - Austerli - Hestadalen (soldatvegen)

Stråtveit - Skjoldastraumen, usikkert kva side av Måvatnet ein gjekk

Indraland - Skjoldastraumen

Stakland -Romsland –Dueland-Skjoldastraumen

Hervik:

Hundsnes kai - Heskja

Rossadal - Hersdal

Rossadal - Hervik (skuleveg)

Hervik kai - Hundsnes kai

Førland:
Søndenå – Nordre Askeland

Krabbatveit – Hetland
Hetland - Aksdal

Tysvær Sør:

Hetland - Odland kai
Odland kai - Eikje (båt + skuleveg)
Hersdal - Hesthammar - Årvik
Bjørklund – Hesthammar skule
Sandvik - Hesthammer skule
Stårhogg - Hesthammar skule
Årvik - Hervik

Tysvær kyrke - Slåttevik kai (presteveg)
Tysvær kyrke - Førland - Aksdal
Tysvær kyrke - Førland - Amdal - Søvik (Prestevegen)
Tysvær - Hervik
Tysvær - Årvik (Kårstø)
Slåttevik kai - Susort
Stranda - Hersdal (sti, murt av «Ola Steingal», fra husmannsplass til hovedgard)

Førre/Aksdal:

Førre - Nodland
Førre - Stakkestad - Stakkestaddalen - Nonsfjellet - Årek - Våg (bispe-/pilgrimsveg)
Våg - Hodnafjell(nordsida) - Fjellheim - Vesterå - Meland - Skjold (bispe-/pilgrimsveg)
Førre - Krosshaug - Avaldsnes (bispe-/pilgrimsveg)

Førre - Høie

Veim - Aksdal

Førre- båt ut fjorden til Aksnes - Vormedal - Avaldsnes (kyrkjeveg)

Skjold/Grinde:

Haugesund - Skjold
Grinde - Skjoldstraumen

Dalbygda - Langeland - Indre Tveit.

Stakland - Svinali
Førland - Brekke - Svinali
Svinali - Klubben
Svinali - Straum

Tiltak:

- Gå eldre vegar opp med GPS og registrere dei med tidfesting, funksjon o.a.
- Digitalisera dei og få dei inn på kartlag.
- Tilretteleggja nokre av dei til opparbeida turvegar med tilhøyrande historieformidling lang traseen.



Ein av dei fyrste bussane mellom Haugesund og Tysvær. 1920

9.2 Bruer

Brua i Skjoldstraumen er ei fagverksbru, og den vart rekna som svært viktig for både Nedstrand, Skjold, Haugesund og til dels også deler av Tysvær. Det tok lang tid før dei første vedtaka vart gjort i 1910 til bruhaendeleg vart opna i 1933. Dette var ei stor hending i kommunikasjonshistoria i distriktet.



Brua i Skjoldastraumen 1933.

Elva frå Aksdalsvatnet mot Fuglavatnet: Her er tre generasjonars bruer og området er merka av i kommuneplanen som kulturminne.

Tiltak:

- Skjoldastraumen bru er teken med i SEFRAK-miljø. Her må ein vera oppmerksam på heile dette området, spesielt dei mura kantane langs kanalen både nord og sør for bruа.
- Registrere rester etter bruer ved Aksdalsvatnet.

9.3 Sluse

I Skjoldastraumen har me Noregs einaste saltvasssluse som framleis er i bruk. Planar for «Skjoldestrommens farbargjørelse» starta på byrjinga av 1800-talet. Dei første tiltaka med muring og mudring betra gjennomfarten i sjølve straumen for mindre båtar, men ønskje var også å få dampskipa gjennom. Vedtaket om å lage ei kammersluse vart gjort i 1895. Den skulle vera 3 m djup, 10 m brei og med 460 m lang kanal. For så også å få bilar over, blei Skjoldastraumen slusebru bygd i 1932. Når båtar skulle gjennom slusa, måtte bruа sveivast med handdregen sveiv.

I 1987 blei bruа tatt ned og erstatta av ei vippebru. Den gamle svingbruа blei i 1995 sett opp igjen nokre meter sør for der den stod opprinnelag.

Skjoldastraumen bru er tatt med i «Nasjonal verneplan for veger, bruer og vegrelaterter kulturminner» (2002)

Tiltak:

- Slusa er tatt med i SEFRAK-miljø. Sjå til at området rundt vart lite endra på. Det er fornminner i nærleiken til slusa.



Bygging av Slusa

9.4 Samferdsel til sjøs

I fjordarmane i Tysvær har ein alltid nytta mykje båt. Binæring til jordbruket var for dei aller fleste fiske. Fjordane gjer at ein kjem seg godt rundt, men ein kunne ikkje ferdast på sjøen i all slags ver. Det kravde kunnskap om sjøen. Dei som utmerka seg på sjøen tok på seg arbeidet med å frakta for andre; alt frå å ro kista til kyrkja til å få fe og varer til byen. Det kom stadig større båtar, og tidlig på 1800-talet kom hjuldamparen «Ryfylke» innom Nedstrand. Rutebåttrafikken tok seg opp utover på 1800-talet og fleire bygder fekk anløp av dampskipa.

Ein har samla oversikt over kaiar som det er knytt vegar til. Nokre kaiar er tatt med som SEFRAK-miljø for å bevara denne historia, og også for å sikra allmennheita tilgang til sjøen i framtida.

Kaiar

Kaiar med historie knytta til handel og ferdsselsårer i kommunen, og dermed også sentrum for bygdene. Dei fleste var anløp for dampskip:

Kaiar - kaiar i Sefrak-miljø *

Espevik kai	Muslandsvåg kai *
Gismarvik kai	Odlund kai
Hinderåvåg kai *	Slåttevik kai *
Hundsnes kai	Yrkje kai
Kårstø kai	

Dei første kaiane var trebrygger, men då det offentlege tok meir ansvar vart det vanleg med steinbrygger, men kommunen hadde ikkje råd til å byggja kaiar så fleire handelmenn i Tysvær bygde eigne kaiar til handel og dampskipstrafikk.



Ferjeleie i Skjoldastraumen på austre side, 1923.

Dampskipa stoppa ved **Kårstø** frå 1896, men det kom ikkje kai før i 1948. Verhardt og langgrunt som der var førte til dyre kostnadarsom fylket og kommunen tok halvparten av og folket tok resten.

Slåttevik kai vart bygd i 1896 av Kornelius Jørgensen då han overtok handelen og postopneriet etter far sin, men han gav brygga til fylket i kring 1907. Då vart brygga utgangspunkt for hovudvegen frå Slåttevik til Aksdal.

I **Yrkje** var det Statens vegvesen som bygde brygge i 1889 i samband med veg frå Yrkje til Skjoldastraumen. Denne brygga vart nytta fram til slusa kom i 1908.

Hinderåvåg er kyrkjebygda så her har ein lagt til med båt langt tilbake i tid. Hinderåvåg var den einaste staden som fekk offentleg dampskipsbrygge på Nedstrand, mens andre kaiar var private. Jordbrukskulen var ein pådrivar og kaien sto ferdig i 1908. Fylket tok her ansvaret med vedlikehald, noko som til vanleg var kommunalt ansvar, men kommunen måtte opparbeida og vedlikehalda vegen opp til kyrkja.



D/S Robert på veg gjennom slusa. 1908

Dampskipanløp i Tysvær frå 1800-talet

Nedstrand	Espevik
Elfarvik, seinare Vassendvik	Skjoldastraumen (Litlestraumen/Pettersenkaien og slusa)
Hinderåvåg	Yrkje
Muslandsvåg	Lindanger, bording
Liavåg	Slåttevik
Vik, bording	Årvik/Kårstø, bording
Toftøy, bording	Hervik
Bakkavik, bording	Hundsnes
Etter slusa i 1908	
Våråneset	Fikstveit
Straumsnes/Hedleneset	Auklandsvik

Nylund	Aarek
Skjoldevik (Vindafjord kommune)	Grinde
Isvik (Vindafjord kommune)	

Tiltak:

- Sikra tilgong til sjøen og frå sjøen for offentlegheita og synleggjera utvalde kaiar si historie.
- Nokre kaiar er i dårlig forfatning og treng opprusting.

10. Tru, kyrkjer og forsamling



Tysvær kyrkje 1852

Til alle tider har menneska hatt behov for å forstå og setja tilveret inn i ein samanheng eller eit rammeverk. Ein har gjennom tidene prøvd å blidgjera guddommar og få maktene over på si side. Kult og religiøs aktivitet frå førkristen tid finn ein truleg i t.d. skålgrøp på Vårå. Bautasteinar kan ha vore knytta til religiøse handlingar.

Etter at kristendommen kom til landet, vart det bygd kyrkjer. Kyrkjene er viktige formidlarar av kultur og difor verdifulle kulturminne. Sakrale bygningar har i mindre grad enn verdslege bygningar gjennomgått ombygging. Kyrkjene er også bygde med ein klar funksjon i formen og innbyr ikkje til påbygg. Dei eldste kyrkjene både frå Nedstrand og Tysværvåg eksisterer ikkje i dag. I Tysværvåg vart det bygd ei kyrkje som ein kjenner til kring 1630.

Det er Opplysningsvesenets Fond og kyrkjelyden som i dag eig og forvaltar kyrkjer, gravplassar og inventar.

10.1 Kyrkjer

I dag er det fem kyrkjer i Tysvær kommune:

Namn	Bygd	Arkitekt
Tysvær kyrkje	1852	Hans Ditlev Franciscus von Linstow
Nedstrand kyrkje	1868	Conrad Fredrik von der Lippe/Hans Ditlev Franciscus von Linstow
Førre kirke	1893	Tjerand T. Solheim
Skjoldastrauen kyrkje	1910	Einar Halleland
Aksdal kyrkje	1995	Stein Jarle Helgeland

I kyrkjene er der kulturhistorisk interessant inventar som altertavler, døypefontar, lysekroner og maleri. Orgel er skifta ut i dei fleste kyrkjene og det eldste no er frå 1973 og står i Tysvær kyrkje.

Orgelbyggjar Andreas Landrog (1877-1940) hadde namnet sitt frå Nedstrand og kona hans, Anne Margrete Leranger, var fødd der. Landrog hadde orgelfabrikk i Haugesund frå 1909 till 1924. Nedstrand kyrkje fekk naturleg nok orgel frå Landrog i 1907, Tysvær kyrkje i 1915, Førre kirke i 1916 og Skjoldastrauen kyrkje (Vordeneset kapell) i 1938. Dette var små kyrkje instrument og typiske for si tid. Ingen av desse eksisterer i dag.

10.2 Gravplassar

Gravplassar i Tysvær	
Nedstrand	Eldste frå 1200-talet, ny frå 1910 og seinare utvidingar
Skjoldastrauen	1893
Tysvær	Middelaldergravplass og ny frå 1852
Førre	1890
Stakland	Kvekergravplass: 29 graver, brukt frå 1859 til 1990

Ved Nedstrand kyrkjegard står eit spesielt kulturminne. Der står steinen ein brukta som gapestokk. Det er truleg ein gammal bautastein, og den har tydelege spor etter fotlenkene nede på steinen. Det er og rissa inn eit kors i steinen lenger oppe.



Gapestokken på Hinderåvåg. Foto: Dagfinn Siljerd

10.3 Kvekarhuset og gravplass på Stakland

Kvekarhuset på Stakland er eit forsamlingslokale i særklasse ved at det er det einaste forsamlingshus for kvekarar i Norden som er bevart i sin opprinnelige tilstand og på sin opprinnelige stad. Vennenes Samfunn kjøpte huset i 1867



Kvekerhuset på Stakland fra 1867

og bygde det om til sitt spesielle formål, og det er framleis i eige av Vennenes Samfunn Kvekerne og blir brukt til andakt ein gong i året.

Ikkje langt frå kvekarhuset ligg ein gravplass som har vore i bruk frå 1859 - 1990. Det er 29 graver på plassen som er omgjeven av ein steingard. Vennenes Samfunn Kvekerne har bedt om at Tysvær kommune tek over vedlikehaldsansvaret for denne gravplassen. Der er ikkje aktive kvekarar i Tysvær i dag og Vennenes Samfunn Kvekerne gjorde i 2012 vedtak om at gravplassen ikkje lenger skal nyttast til gravlegging. Ein tilrår i denne planen at kommunen overtek dette ansvaret og at gravplassen vert skjøtta som ein spesiell gravplass med stor kulturhistorisk verdi.



Gravplassen på Stakland frå 1859

Tiltak:

- Tysvær kommune overtek ansvaret og vedlikehaldet for gravplassen til Vennenes Samfunn Kvekerne på Stakland.

10.4 Bedehus

Etter kvart som lekmannsrørsla vart sterkare, dels som eit supplement til kyrkjja og dels i opposisjon, vart det bygd mange bedehus rundt omkring i bygdene. I Tysværåvåg kom eit av dei første bedehus i landet så tidleg som i 1848. Tømmeret av dette huset er i Apeland bedehus i dag, og dette bedehuset er i kulturplanen peika på som det bedehuset ein for framtida bør taka spesielt vare på ut frå ein kulturhistorisk synsvinkel.



Apeland bedhus frå 1935

Bedehus i bruk i dag	Frå år
Stranda bedehus (Betel):	1908
Soknatun/Lasshidler	1920 – 1974, så kyrkjelydshus
Neset bedehus:	1933
Betania Liarvåg (DFEV):	1901- Tidlegare Neset skule
Skjoldastrauen bedehus:	1980
Vatland bedehus:	1920
Hettervik/Borgøy bedehus:	1941
Heskja bedehus:	1928
Tysvær soknehus:	1999
Sagbakken bedehus (Saron):	1918
Førland bedehus (Nasaret):	1907
Apeland bedehus:	1935 (Tømmer frå første bedehuset i Tysvær frå 1848)
Førre bedehus:	1907

Bedehus i bruk i dag	Frå år
Stegaberg bedehus (Zoar):	1908
Bedehus som står, men er bruka til anna	
Helgeland bedehus:	1906 , bedehus frå 1962
Silgjerd bedehus:	Tidleg 1900
Lindanger bedehus:	1974
Hundsnes bedehus:	1937
Hervik bedehus (Betel):	1929
Falkeid bedehus:	1925
Eikje bedehus:	1925/26
Tysværåg bedehus:	1935 – ca 1997 (Rive og erstatta med soknehus)
Gismarvik bedehus:	1956
Hetland bedehus:	1956
Grinde bedehus:	1926
Tveit bedehus:	1923

Eksisterande bedehus er alle bygde etter år 1900 og fortel om ein svært aktiv periode i misjons- og lekemannsrørsla i vårt distrikt. Det siste ti-året er fleire bedehus lagt ned og selde til private føremål og nokre har fått ein vidare grendehusbruk.

11 bedehus/soknehus søkte driftstilskott i 2015 mot 26 på 1980/90-talet

Tiltak:

- Ta vare på Apeland bedehus.

11. Andre offentlege og allmenne bygg

11.1 Offentlege bygg

I 1827 kom lova om almueskulen. No vart det krav om faste skular, altså bygningar med skule som formål.

1860 kom Landsskulelova, og no vart det bygd skulehus rundt i kommunen.

Hesthammar skule frå 1863 er det eldste skulehuset i Tysvær og er teke vare på



Hesthammar skule frå 1863

sin opprinnelige stad på Falkeid av Haugalandmuseene. Nessa skule frå 1864 er flytta og teke vare på av Nedstrand Bygdemuseum på Leirå. Vidare disponerer Nedstrand Bygdemuseum gamle Stranda skule som museumsbygg saman med lærarbustaden på Stranda.

Den første faste skulen i ytre del av Tysvær heldt til i Tysvær bedehus i 1856. Fleire stader leigde ein stover til skule. Her tek me med dei stovene som etterkvart vart bygde som skulehus. Skulekrinsane vart endra og slått saman, det er ikkje krinsen, men staden skulehuset sto som blir oppgitt her.

I Hinderåvåg har det vore driven jordbrukskule frå 1877 og deler av bygningane på Tveit vidaregåande skule fortel om ei lang skulehistorie her.

Tidlegare skulebygg som står i dag: alfabetisk

Stad	År	Status
Bringedal	1896	privat
Dueland	1905	offentleg/lag/forening
Eikje	1924	offentleg/lag/forening
Erland	1888	privat
Espevik	1959	privat
Falkeid	1958	privat
Førland	1960	privat
Førland m/lærarbustad	1896	privat

Helgeland	1905	privat
Hervik	1952	offentleg
Hesthammar	1863	museum
Hinderåvåg	1920	bedehus
Hinderåvåg m/lærarbustad	1860	privat
Liarvåg	1954	lag/forening
Liarvåg, flytta frå Li	1901	privat
Muslandsvåg, til Espevik	1877	privat
1898		
Nessa	1864	museum
Stranda	1875	museum
Stranda m/gymsal	1938	lag/ forening
Yrkje	1888	privat

11.2 Andre offentlege bygg

På 1900-talet vart det etter kvart bygd nokre bygningar for tuberkulose; i Tveitskogen på Hinderåvåg og i Førresfjorden. Aldersheimar kom også og nokre av desse finnsta framleis, men er no privathus som i Førre, Grinde og på Gjerde. Kommunehuset på Hinderåvåg er også privat bustad.



Doktorbustad på Nedstrand frå 1921

Doktorbustaden på Nedstrand er eit flott eksempel på 1920-tallsklassisisme i Tysvær. Huset er frå 1921. Grunna aukande offentlege legar vart det kring 1918 utarbeida nasjonale planteikningar for distriktslegebustader i regi av arkitektane Nielsen og Sund.

Tiltak:

- Registrere doktorbustaden.

11.3 Forsamlingshus

På 1900-talet vart det bygd ungdomshus i fleire av bygdene. Dei var dels knytta til ungdomslag som igjen var forankra i Noregs Ungdomslag og del av nasjonal ungdomsrørsle. Fram mot 1960-talet hadde desse møter og aktivitetar knytta til norskdom og skreiv lokale lagsaviser. På 1960- og 70-talet vart dei fleste av ungdomshusa mest brukte som dansestader gjerne med nasjonale band og med ungdom frå heile regionen som deltakarar i helgene. Baustad ungdomshus er teke vare på som museum av Nedstrand Bygdemuseum og som eit regionalt døme på denne type hus.

Ungdomshus i Tysvær

Førre ungdomshus – Førre frilynde ungdomslag

Stegaberg ungdomshus/grendahus – Stegaberg Grendalag

Heimtu - Førland Ungdomshus

Sjonar – Kvinnesland frilynde ungdomslag

Rygjatun – Hervik ungdoms- og idrettslag

Nordtveit ungdomshus - Rive

Nedlagde (som bygningsmessig eksisterer):

Liarvåg ungdomshus - Privat

Baustad ungdomshus – Museumsbygg – regionalt eksempel på ungdomshus

Straumen ungdomshus – Privat bedrift

12. Nasjonale minoritetar

Romanifolket har vore ein del av den norske befolkninga frå 1500-talet. Folkegruppa har eit felles språk, romani, og dei har hatt eigne tradisjonelle erverv, og levemåten har vore reising, særleg i sommarhalvåret. Til Tysvær har romanifolket kome med båt, hest, kjerre, til fots og etter kvart med bil. Dei «båtreisande» nyttar færing fram til andre verdskrig, og dei reiste gjerne gjennom



Statue av Petter Strømsing.
Foto: Trond Martinsen

Skjoldafjorden og over Haraldseidet til Ålfjorden. Frå 1950-talet kom dei ofte i større skøyter.

Haugalandmuseene har registrert ti stader der romanifolket enten budde eller oppholdt seg ofte. Det er «Fantahidleren» mellom Ringja og Amdal, den såkalla «Villaen» på Øverland, båthamn på Stranda, bustadhús i Muslandsvåg og husmannsstove på Siljerd. Vidare var Skjoldastrauen ei gjennomfartsåre og overnatningsstad, og på «Smidjura» på Gaupås vart Petter Strømsing fødd i 1759. Slåttevik og Urdholmen like utfør Slåttevik var også møtestader, og det same var Gismarvik.

I 2009 reiste Tysvær kommune i samarbeid med Foreningen Romanifolkets Kystkultur ein skulptur av Petter Strømsing, laga av Vidar Bratlund Mæland, ved slusene i Skjoldastrauen. Strømsing vart ein svært kjent felespelar som har fleire folketonar oppkalla etter seg. Ein tradisjon seier at det var han som laga «Per Spelemann».

Rogaland fylkeskommune har verna det vesle huset «Villaen» på Øverland på Nedstrand.



«Villaen» på Nedstrand. Foto: Karmsund Folkemuseum

Tiltak:

- Ta vare på ”Villaen”, må formidle historia om dei reisande, stadene, båtane. Informasjonstavler.

13. Krigsminne

I Tysvær er der få fysiske restar etter andre verdskrig. Dramatiske hendingar var der mange av og munnlege minner om fleire slike er fortalte om i intervju. I Førre og Grinde var der leirar, og på Stemnestaden er der framleis bygningar som står etter at tyskarane bygde dei opp. Ovanfor Stemnestaden er der også utsprengt ein vaktpost som er synleg i dag.

Arquebus krigshistorisk museum er eit av dei fremste museum i sitt slag i Europa og formidlar mykje regional krigshistorie. Der får ein også informasjon om flystyrt i Langavatnet på Stegaberg. På Fot, Askeland, står hytta som Milorg-gruppa på Haugalandet brukte mykje gjennom krigen.



Minnestøtte over falne ved Tysvær kyrkje

Fysiske krigsminne

Kleiberg	«Tyskerhaugen», skyttergraver, utsiktspunkt.
Førre	Skytgefelt Veim-Stakkestad, leir, hestestallar
Grinde	Stemnestaden, skytestillingar, ammunisjonslager
Nordre Askeland – Svinali	Opplæringsenter, øvingssenter for motstandsfolk
Sagbakken	Knutepunkt, kraftstasjonen
Askeland, Fot	Hytte for motstandsfolk
Gismarvik	Heimefronten gøynde folk i ei hole
Soldal/Kreppene	Syverthålå
Minnestøtter:	
Førre kirke	Heming Skre
Tysvær kirke	Falne under krigen

Tiltak:

- Bevaring av «Milorg-hytta» på Askeland.
- Skilting om krigshistoria på Stemnestaden og på skytgefelt på Stakkestad og i Førre.




Jakthytta som Milorg brukte under 2. verdskrig

14. Fritid – hytter

På slutten av 1800-talet kom nokre av nasjonalromantikken sine tankar til uttrykk gjennom å søkja seg tilbake til naturen, finna det sære norske og nye sunnheitsideal. Det førte til ein gryande turisme, og folk med relativt god råd og dels høg sosial status drog ut frå byane for å utforska landskapet. Friluftsliv og jakt blei populært, men også det å dyrka mat til hushaldet.

Stolt-Nielsen kjøpte ein større eigedom på Askeland kring 1900. Denne familien er eit eksempel på personar frå byen som både dreiv gard og som brukte av sine midlar til beste for bygda. Stolt-Nielsen koste veg frå Askeland til Førland og sette som vilkår at den skulle heita «Fru Louise Stolt-Nielsens vei».

Rundt 1920 kjem ein ny framvekst av velståande som kjøper seg fritidseigendommar. Nokre har aner frå Tysvær og får skilt ut eigedom hos slekta, mens andre får kjøpa fine område av bøndene, og desse fritidseigedommene ligg gjerne langs fjordane. For å komma seg «på landet» måtte ein nytta bil, og det var ikkje alle stader det var lovleg å køyra. I 1920 vart det gitt løyve til å køyra på «Fru Louise Stolt-Nielsens vei» og frå Aksdal til Slåttevik til villaeigarar frå Haugesund. Dermed slår mange seg ned i området kring Førlandsfjorden, men



Teikning av arkitekt Einar Halleland, Karmsund folkemuseum

både i Våg, Grinde, Førresfjorden og Nedstrand vart det bygd hytter i denne tida. Fleire av desse hyttene står i dag.

Etter kvart som velstanden auka etter 2.verdskrig, fekk mange frå det breie lag av folket også kjøpt seg egedommar og gjerne sett opp ei lita hytte. Mange småbruk har seinare blitt fritidseigendommar, og mange gamle hus er i dag fritidshus. Mange stader flytta bondefamilien opp i loftet eller ut i eldhús for å leiga vekk til byfolk som ville feriera på landet.

Tiltak:

- Registrera fritidsbustader. Dokumentera utviklinga av byggeskikk på fritidsbustadar.
- Dokumentera historia kring frilufts- og ferieliv i Tysvær.

15. Spesielle tema for Tysvær

15.1. Cleng Peerson og utvandringshistoria

Utvandringshistoria er eit tema som det knyter seg både materielle og immaterielle kulturminne til i Tysvær. Cleng Peerson, som er rekna som «Den norske utvandringa sin far», var fødd på garden Lervik i 1783 og vaks opp på Hesthammar. 20 personar av dei 52 som var om bord på «Restauration» i 1825, kom frå Tysvær. Desse hadde alle ei form for kvekartilknytting. «Restauration» sin overfart til New York var den første norske organiserte utvandrar-reisa, og Cleng Peerson tok imot i USA og organiserte så vidare busettingar. Dei kring siste 15 år av livet sitt budde han i Clifton, Texas, der han døydde i 1865. I Tysvær er det reist to minnebautar for Cleng Peerson; i Tysværå og på Hesthammar. I tillegg er det såkalla Cleng Peersonhuset flytta frå Hesthammar til Sandbekken og del av bygdetun der. Kvekartru kom tidleg til Tysvær og Rogaland og var ei direkte årsak til at utvandringa starta då den gjorde. Kvekarhuset på Stakland er dermed også ein viktig del av dei fysiske kulturminna som understrekar Tysvær som ein viktig stad for starten på norsk utvandring. Frå 1993 har Tysværtunet hatt utstillinga «Reisen til Amerika» stående til den blei tatt ned i 2015.

Tiltak:

- Cleng Peerson har fått ei revitalisering den siste tida dels gjennom oppbygging av Cleng Peerson Institute i Clifton, Texas, tysværbuen Thomas Mannes sitt kjøp av garden i Clifton der Cleng Peerson budde på slutten av sitt liv, og også sterkt engasjement frå Tysvær Historielag. Planar for eit Cleng



Cleng Peersonbuset. Ukjend byggear

Peersonsenter i Tysvær som både knyter saman den dramatiske historia frå 1825 med dagsaktuelle migrasjonsutfordringar er under utgreiing og bør gjennomførast.

- Det er eit mål at Tysvær skal bli sett på som staden der utvandringa frå Noreg starta, og at Tysvær ved 200-årsjubileet for den norske utvandringa i 2025 skal ha ein sentral plass i denne. Som del av dette vil ein utvikla årlege aktivitetar og modernisera utstillingsformidling av historia.

15.2. Lars Hertervig og Borgøy

Kunstmalaren Lars Hertervig vart fødd på Borgøy i 1830 og budde der til familien flytta til Stavanger 7-8 år seinare. Frå 1859 – 1865 budde han på ny på Borgøy hos onkelen på Østebøvik. Lars Hertervig er ein av Norges fremste kunstmalarar. På Borgøy finst husmurane på fødestaden samt ei minneplate der. Ein har laga planar for «Hertervig observatorium – Lyset på Borgøy», og desse omfattar både stiar og installasjonar. Første byggesteg med ein ny kultursti og toalett er realisert, mens det meste står igjen å utføra. Ein har starta utvikling av eit undervisningsopplegg på Borgøy om kunst og Lars Hertervig. I Aksdal står



Frimerke med Cleng Peerson



Borgøy

statua av Lars Hertervig laga av Svein Magnus Håvardstein. Tusenårspllassen i Tysvær ber også hans namn. Tysvær kommune eig 16 originale skisser som Lars Hertervig har teikna. Det vart i 2014 laga ein ny film om kunstnaren.



"Fra Borgøy" Lars Hertervig 1867

Tiltak:

- «Hertervig Observatorium – Lyset på Borgøy» bør vidareutviklast i tråd med tilgang på investeringskapital.
- Undervisningsopplegget om kunst og Lars Hertervig bør vidareutviklast og bli ein fast del av Den kulturelle skulesekken i Tysvær.

15.3 Nedstrand, ein hovudstad i Ryfylke

Nedstrand er omtala som ”ein hovudstad i Ryfylke”.

Nedstrand har ei rik historie heilt tilbake til 1500 talet, som strandstad, tollstad og bustad for fogdane i ”Ryfylke Fogderie”.

Tollaren og Fogden sto for ein stor del av inntektene til statskassen, og var difor viktige embedsmenn for kongen i København. Det er nok også årsaka til at dei dansk/norske kongane Kristian 5. og Fredrik 4. vitja Nedstrand med berre 19 års mellomrom. Sjå kap. 5.1 om Fogdegarden Sandsgård.



Tollbua på Nedstrand, Foto: Dagfinn Silgjerd

”Ryfylke Toldsted”

Det starta med oppgangsaga driven med vasskraft. Oppgangsaga kom til Vestlandet på midten av 1500-talet. Frå nokre få sager i Ryfylkefjordane på 1560-talet finn ein heile 83 sager i drift i toppåret 1621. På Nedstrand vart det tidlig kravd inn toll av skutene som kom frå Skottland, Holland og Tyskland for å henta trelast i fjordane. Då Kristian 4. i 1630 innførte nye tollforskrifter, vart det oppretta tollstasjon med kongens tollar, tollskrivar og betjentar på Nedstrand, og stasjonen vart kalla ”Ryfylke Toldsted”.



Ryfylke Fogderie

Tiltak:

- Gjenreising av tollstaden skal bli ein viktig formidlingsstad for Nedstrand si historie.
- Utvikla undervisningsopplegg for Tollbua til Den kulturelle skulesekken i Tysvær.

16. Immaterielle kulturminne

Gjennom bygdebokserie på 10 bygdebøker – derav 7 gards- og ættesoger og 3 generelle historiebøker – samt andre bøker, er Tysvær kommune si historie framstilt breitt.

Trelastskutene frå Europa hadde og med seg handelsvarer som vin, brennevin, korn, krydder, finare tøystoff og mange andre varer.

Denne store aktiviteten førde til at handelsmenn, skipsreiarar og handtverkarar av mange slag slo seg ned på strandstaden. Her var skipsverv der jekter og havgående skuter vart bygde, gjestgiveri og skjenkestover.

Eit av husa frå tollstasjonen har blitt teke vare på og er nå gjenreist og restaurert inne i eit vernebygg ved kaien på Stranda.

16.1 Foto

På slutten av 1980-talet og starten av 1990-talet gjennomførte kulturkontoret i samarbeid med Statsarkivet i Stavanger fotoinnsamlingar i dei ulike skulekrinsane, og mange bilete blei avfotograferte og er delvis tilgjengelege via biblioteket sine internetsider.

Tysvær kommune kjøpte inn Widerøe sine flyfoto frå 1950-åra og desse er no også tilgjengelege via Nasjonalbiblioteket og biblioteket sine nettsider.

Tysvær Historielag har dei siste åra overteke mykje av Tysvær Bygdeblad sine foto og digitaliserer vel 4000 foto som også blir tilgjengeleg via biblioteket sin fotoportal.

Tiltak:

- Sikra foto og gjera dei tilgjengelege for framtida



Bensinstasjon i Bådsrik, ca 1952-53

16.2 Intervju og fortellingar

Kulturkontoret gjennomførte på slutten av 1980-talet og starten av 1990-åra intervju med rundt 100 eldre tysværbuar. Dei fleste intervju blei gjort av Leif M. Bjørkelund og også avskrivne på papir. Intervjua er brukte i samband med bygdebokskriving. Desse intervjua gir mykje kulturhistorisk informasjon og bør digitalisera slik at ein også kan høyra dei.

Gjennom desse intervjuha har ein fått mange forteljingar sikra for framtida, men der vil alltid vera interessante munnleg forteljingar som burde vore sikra for ettertida.

Ein del familiar lagar sine eigne verdifulle slektshistorier som sikrar deler av denne kulturarven.

Kulturkontoret har også intervju og filma m.a. alle ordførarane som sat i perioden 1968 – 2007.

Tiltak:

- Digitalisera intervju med eldre tysværbuar.

16.3 Stadnamn

På slutten av 1980-talet vart det i Rogaland gjennomført ei omfattande stadnamninnssamling som også Tysvær deltok i, organisert via kulturkontoret og gjennomført på dugnad i samarbeid med bondeorganisasjonar og andre. Innsamla stadnamn via skulane på 1930-talet kartfesta ein også så langt ein hadde kunnskap om dei ca 50 år seinare. Ca. 10 000 stadnamn vart innsamla og kart- og oppmålingskontoret har seinare digitalisert desse på kart.

Tiltak:

- Det er behov for kvalitetskontroll av dette arbeidet.

16.4 Folkemusikk

Musikk har alltid vore ein del av mennesket si historie. Ulike ceremoniar og samlingar har sin musikk. Vikingtida sine lange viser og kvad er kjent til ein viss grad, men det var nasjonalromatikken si felespeling som fekk hovudfokus når innsamlingar for ettertida tok til. Materialet frå innsamlinga er prega av kva ein såg som «folkesjela», det var fjellbønder frå innlandet som hadde den mest upåvirka «sjela». Først etter 2. verdskrig tok arbeidet med innsamling i Rogaland til for alvor.

Felespel og munnspele var hovudinstrument ei tid tilbake. Ein del felespelerar vart kjende. Leif Andreassen Rørvik frå Skjoldastrauen, Ola Olsen «Gullhaugen» frå Ikdal, og Petter Strømsing er nokre av desse. Sigvald Johannes Eikeland frå Fikstveit var både spelemann og felemakar. På slutten av 1800-talet tok trekkspel meir over for fela med vals og reinlendar. Denne tradisjonen er i liten grad dokumentert.

Salmar, religiøse songar og anna song var også ein stor del av folk sine liv. Ein del salmar er innsamla på band i kommunen, men barnesullar og andre viser er mindre dokumentert.

Utover på 1900-talet kom det orgel i kyrkja. Dette gav ein ny form for musikk.

Tiltak:

- Samla inn barnesongar, songleikar og viser.



Illustrasjonsfoto: Fele



Ola Li spelar fele. 1926

16.5 Ord og uttrykk

Språket er alltid i endring, og stadig fleire eldre ord og uttrykk forsvinn ut av språket. Det er fleire komplekse grunnar til dette; yngre generasjonar bryt med eldre og skapar nye ord. Fleire typer arbeid finst ikkje lenger, og då forsvinn orda og forklaringane og. Nye gjenstandar og handlingar treng nye ord og uttrykk. Det kan gå mykje informasjon tapt om ein ikkje samlar inn noko av det særegne og forskjellar i språket i Tysvær.

Døme på ord og uttrykk som neppe yngre tysværbuar brukar: Såls (=slik), håtta (=sansa, legge merke til), tårskodel (=dørstokk), ister (=animalisk fett til matlaging)

Nokre døme på nyare ord: kult (=kjekt, tøft), surfa på nett (=søka på internett), lysslange (=plastikkslange med lys til dekorasjon)

Engelske ord kjem stadig meir inn i språket, til dømes: Subsea (=arbeid eller teknologi i sjøen), chatta (=skriva tekst til kvarandre på telefon eller internett).

Dei unge brukar også andre former av ord, til dømes se i staden for sjå, skole/skule, ikke/ikkje.

Tiltak:

- Samla ord og uttrykk som går ut av bruk.



17. Forhold til kommuneplan og kommunal sakshandsaming

Kulturminne og kulturminnevern er omtala i samfunnssdelen sitt temakapittel og i kapittelet om tenestene i kommuneplanen. I arealdelen er det vist omsynssoner for kulturminne og kulturmiljø. Områda omfattar dei viktigaste automatisk freda kulturminna, og i tillegg område rundt bygninga frå etter reformasjonen og som er freda ved lov.

Kommuneplanen har generelle føringar for korleis kulturminne skal behandlast. Kulturminne i nye planområde skal så langt det er mogleg takast vare på, dette gjeld også moderne kulturminne som ikkje er verna etter kulturminnelova. I byggesaksbehandling og planbehandling vert nasjonale databaser som viser automatisk freda kulturminner og andre kulturminner, vurdert i forhold til ønska arealbruk og tiltak. Fylkeskommunen si kulturavdeling og kulturkontoret lokalt får og planar og konkrete byggesaker på høyring.

Så langt som råd er, skal steingardar og andre kulturminne takast vare på ved utforminga av dei ulike områda i reguleringsplanar. Kommunen kan setje krav til fagleg vurdering dersom det er tvil om verdien eit objekt eller eit område har som kulturminne, jf pbl § 11-9 nr.7

Riving av steingard er søknadspliktig etter § 20-1, og det skal hentast uttale fra kulturkontoret og andre myndigheter med interesse i saka.

I planarbeid skal det alltid takast omsyn til automatisk freda kulturminne. Ved vurdering av sikringssone rundt kulturminne, bør det visast omsyn til omgivnaden rundt det verna området eller minnet, då det kan utgjere ei viktig ramme for å kunna tolka og forstå i kva samanheng kulturminna vart til, kva ressursar som vart utnytta og kva samfunnsstruktur som tidlegare rådde i området, jfr pbl § 11-9 nr.2

Bygg som er registrert i SEFRAK- registeret må i samband med ein byggesøknad sjekkast ut i høve til vernekategori bygget er plassert i.

Søknad om endring, tilbygg, ombygging eller riving av bygg som er registrert i vernekategori A, B eller C skal alltid vurderast av kulturkontoret i kommunen før vedtak blir gitt.

Dersom bygget er registrert i vernekategori A eller B og kommunen er positiv til det omsøkte tiltaket (tilbygg, ombygging, riving), skal søknaden alltid sendast over til Rogaland fylkeskommune for uttale før kommunen kan gi endelig vedtak i saka.

Saker som gjeld alle bygg frå før 1850, skal alltid sendast til Rogaland Fylkeskommune for uttale.

Temakartet vert ein del av kulturminneplanen og vil vise følgjande:

- Område med båndlegging etter lov om kulturminner K_H730
- Omsynssone kulturlandskap K/B_H550
- Omsynssone for bevaring av kulturmiljø KM_H570
- Sefrak bygg, A,B C vert vist med blå trekant.
- Kulturminner registrert i Askeladden og vist i Temakart-Rogaland.no

Desse tema vert ein del av kommunen sitt GIS system som skal nyttast i all planbehandling og byggesaksbehandling.

Oppdatering av systemet vil skje jamleg ved endringar i kulturminnedatabasen www.askeladden.no og vil bli revidert når kommuneplanen og kulturminneplanen vert revidert.

18. Handlingsprogram 2015 – 2025

Oppsummert:

Tysvær kommune har gjennom 12 bygdebøker utgjevne i perioden 1990 – 2014 gjort eit stort arbeid med å skriva både Tysvær si generelle historie, gards- og ættehistorie samt visa fram mykje innsamla fotomateriale. I tillegg til dette ligg også mykje anna innsamla materiale av immateriell art som stadnamn, foto og intervju med eldre personar.

Lokale tema og særskilde personar knytta til Tysvær si historie er også trekte fram i ulike bøker og gjennom utstillingar. Det er også teke vare på ein god del fysiske gjenstandar gjennom museums-arbeid av organisasjonar og private. Fleire fornminne er tilrettelagde med informasjonstavler.

Gjennom arbeidet med kulturminneplanen konstaterer ein at mange bygningar som har prega kulturlandskapet i bondesamfunnet forsvinn. Det vil difor framover vera ei utfordring både i plansamanheng og i konkrete handlingar i samarbeid med private eigalarar å ta vare på den fysiske kulturarven. Ein har prioritert evaluering av SEFRAK-bygningiar og fokusert også på korleis sakshandsaming av desse skal føregår for å minska fråfallet av verdifulle bygningar.

I denne planen legg ein også opp til handlingar som skal bringa endå meir kunnskap og informasjon fram om kulturminne i tysværnatur; t.d. kor vegar gjekk og bruken av naturressursane i tidlegare tider. Formidling av denne kunnskapen og kva som er særegne for Tysvær vert eit viktig fokusområde i planperioden og ut over denne. For nokre tema har ein i teksten sagt kva som bør prioriterast, t.d. handelsstader, mens ein i vedlagt handlingsprogram har vore tilbakehalden med å prioritera mellom ulike tema. Ofte kan tiltak gjennomførast når avtalar legg seg til rette mellom grunneigar og kommunen, eller ut frå eit initiativ frå ein frivillig organisasjon. Mange tiltak vil også vera avhengig av løyvingar i kommunale eller andre offentlege budsjett og treng grundigare planlegging før ein har eksakte kostnadjar. God samhandling mellom det offentlege og frivillig sektor vert viktig for å gjennomføra mange av tiltaka, både når det gjeld tidspunkt for gjennomføring og tilgang på ulike ressursar.

HANLINGSPROGRAM - PRIORITERTE TILTAK 2015-2025

Kapitel i planen	Tiltak	Ansvar for oppfølging	I samarbeid med	Kommentar
3. Korleis ta vare på kulturminna?	Utarbeide veiledarar. Skilting. Informasjon.	Kultur, TK, RFK	RFK	Tysvær kommune (TK), Rogaland fylkeskommunen (RFK)
4. Fornminne/ Dei eldgamle tider	Tilrettelegge kring fornminna i Tysværvåg	TK	RFK, AMS, grunneigarar	Arkeologisk Museum Stavanger (AMS)
5. Bygningsvern og kulturmiljø 5.1 Freda bygg i Tysvær	1. Sikra nødvendig brannsikring.	Riksant. RFK	TK	
5.2 Bygningsvern og SEFRAK	1. Utarbeide økonomiske støtteordningar som tilskot og andre verke-middel for å ta vare på prioriterte objekt i SEFRAK- materialet. 2. Utarbeide informasjon om nasjonale, regionale og lokale støtteord-ningar ovanfor eigarar av SEFRAK-bygg eller miljø. 3. Digitalisera SEFRAK-materiale i matrikkel og nasjonale fora som Kulturminnesøk/Askeladden. 4. Etterregistrering av SEFRAK-materiale, då særleg for Nedstrand. 5. Føringar for handtering og registreringa av bygg frå 1900-talet.	Kultur, TK, RFK	RFK, TK, Riksantikvar, grunneigarar	"Handkraft" er eit lag av handverkerar som ønskjer å samle kunnskap kring det å ta vare på eldre bygningar. Dei held kurs og samlingar.
5.3 Kulturmiljø	1. Registrera i Vikjå, Leirongsvika og Hinderåvåg. 2. Informasjonstavler ved utvalde kulturmiljø. 3. Omsynssone Hinderåvåg Prestegard.	TK	Grunneigarar	
6. Kulturland-skap og landbruk 6.1 Innmark og utmark	1. Tilrettelegge kring restar av «Hestevandring» i Førre. 2. Ta i bruk landskapet slik at det ikkje veks igjen. Bruk av sau, rydding. 3. Bruke tilskottsordningar i landbruket -SMIL-ordningar- aktivt. 4. Ta vare på minne om husmenn og strandsitjarar	TK, RFK	Grunneigarar, frivillige, "Sjå kulturskattane på Haugaland-det"	
6.3 Steingardar	Registrera unike steingardar.	TK	Frivillige	
6.4 Torvmyr	Informasjonstavle ved tidligare torvmyr på Stakkestad.	TK	Frivillige	
6.5 Hage	Registrera rester etter hagar. Gismarvik, Leiranger og Solstrand	TK	Frivillige	

Kapitel i planen	Tiltak	Ansvar for oppfølging	I samarbeid med	Kommentar
6.6 Falkefangst	Rekonstruera falkehytte på Dalva	"Sjå kultur-skattane på Haugalandet"	Nedstrand 2020, Nedstrand bygdemuseum	
7. Maritime kulturminne og fiske 7.1 Fiske	Registrera salteri i Muslandsvåg og Odland. Registrera naustmiljø Registrera giljer, nottørker o.l	TK	Leirong Kystlag	
7.2 Båtbyggjartradisjon og skipsbygging	Synleggjere historie, båtbyggjartradisjonen- korleis	TK	Leirong Kystlag	
8. Næring - frå handtverk til industri. 8.1 Vassdrag og dammar	1. Fullföra påbyrja registrering av stemmar og dammar, og historia kring bruken. 2. Synleggjere historia til Årvikelva som eit døme på mangfoldig bruk av elva og vasskraft. Informasjonstavler	TK		
8.2 Kvernhus og sagbruk i SE-FRAK- registeret	1.Sikra at oppgangssaga på Sætre vart teken vare på. 2.Kvernhuset på Sandsgård er ein viktig del av miljøet og bør restaurast.	TK	RFK, Riksant.grunneigarar,	
8.3 Meieri	Registrera bygningar som var brukte som meieri. Eks. Stranda og Baustad.	TK		
8.4 Handel	Slättevik og Stranda: Sikra kulturhistoria i planarbeid.	TK		
8.5 Steinindustri	Steinhoggarhistoria bør synleggjeras gjennom tilrettelegging i området Skiftesvik – Narravik. Macadamverket på Borgøy med meir industrielle spor kan også vera aktuelt for synleggjering.	TK	RFK	

Kapitel i planen	Tiltak	Ansvar for oppfølging	I samarbeid med	Kommentar
9. Samferdsel på land og sjø 9.1 Ferdelsårer/ vegar på 1800-talet	1. Gå opp eldre vegar med GPS og registrere dei digitalt på kart og få dei inn på kartlag. 2. Gjennom informasjonstavle og moderne teknologi formidla kulturhistorie i turområde.	TK	Tysvær historielag, Frivillige	
9.2 Bruer	1. Oppgradering av areal langs austsida av kanal i Skjoldstraumen. 2. Registrere rester etter bruer i Aksdalvatnet.	TK		
9.4 Samferdsel til sjøs	Ta vare på eit utvalg kaiar der også den kulturhistoriske bruken er eit kriterium.	TK	Karmsund Havnevesen	
10.3 Kvekerhuset og gravplass på Stakland	Overta ansvaret og vedlikehaldet for gravplassen til Vennenes Samfunn Kvekerne på Stakland.	TK	Venner Samfunn Kvekerne, Riksantikvar	
10.4 Bedehus	Ta vare på Apeland bedehus.	Eigar	TK	
11.1 Offentlege bygg	Registrera doktorbustaden på Nedstrand	TK	RFK	
12. Nasjonale minoritetar	Ta vare på «villaen», formidle historia om romanifolket ”dei reisande”, stadene, båtane. Informasjonstavler og tilrettelegge	Musea, RFK	TK, grunneigarar	
13. Krigsminne	1. Bevaring av «Milorg-hytta» på Askeland. 2. Skilting om krigshistoria på Stemnestaden og på skytefelt på Stakkestad og i Førre.	RFK, Haugaland -museene		
14. Fritid – hytte	Registrere fritidsbustader og dokumentere utviklinga av byggesikk på fritidsbustader og historia kring ferieliv i Tysvær.			
15. Spesielle tema for Tysvær 15.1. Cleng Peerson og utvandringshistoria	Utarbeide planar for Cleng Peersonssenter som både knyter saman den dramatiske historia frå 1825 med dagsaktuelle migrasjonsutfordringar. Det er eit mål at Tysvær skal bli sett på der utvandringa frå Noreg starta og at Tysvær ved 200-årsjubileet for den norske utvandringa i 2025 skal ha ein sentral plass i denne. Som del av dette vil ein utvikla årlege aktivitetar og modernisera utstillingsformidling av historia.	TK	RFK, Det norske utvandrarsenteret	

Kapitel i planen	Tiltak	Ansvar for oppfølging	I samarbeid med	Kommentar
15.2. Lars Hertervig og Borgøy	1. «Hertervig Observatorium – Lyset på Borgøy» bør vidareutviklast i tråd med tilgang på investeringskapital. Undervisningsopplegget om kunst og Lars Hertervig bør vidareutviklast og bli ein fast del av Den kulturelle skulesekken i Tysvær. 2. Visning av film og Hertervighistorie i Aksdal.	TK	Private	
15.3 Nedstrand, ein hovudstad i Ryfylke	1. Gjenreising av tollstaden. 2. Utvikla undervisningsopplegg for Tollbua til Den kulturelle skulesekken i Tysvær.	TK	Nedstrand bygdemuseum	
16. Immaterielle kulturminne 16.1 Foto	Sikra foto for framtida.	Tysvær Historielag	TK	
16.2 Intervju og forteljingar	Digitalisera eksisterande intervju med eldre tysværbuar.	TK		
16.3 Stadnamn	Det er behov for ei kvalitetskontroll av innsamla materiale på eit tidspunkt.	TK	Frivillige	
16.4 Folkemusikk	Samle inn barnesongar, songleikar, viser.	Frivillige		
16.5 Ord og uttrykk	Samle ord og uttrykk som går ut av bruk	Frivillige		

Kilder/ Referanseliste

Aadnøy, Alf: Bygd og by i Norge. Rogaland. 1979.

Arkeologisk museum i Stavanger/Universitet i Stavanger: Konserveringsrapport for metallgjenstandar frå sikringsgraving ved Leirong, Tysvær kommune.

Arkeologisk museum i Stavanger: Avaldsnes Norges eldste kongesete

Arkeologisk museum i Stavanger: Fornminner i Rogaland – Tysvær, bind 4 og 5, 1978

Bjørkelund, Leif M./ Lokalhistorisk stiftelse: Sjøfolk i krig. Haugalandinger ser tilbake – 50 år etter

Falkeid, Kolbein: Tørv - slit og trivsel på Haugalandet

Fylkesmannen i Rogaland / Anders Lundberg: Kulturlandskapsregisteringar

Førdesfjorden Sokneråd: Guds hus og himlens port. Førdesfjorden kyrkje 100 år. 1993

Gjesdal kommune: Kulturminneplan 2012 - 2020

Golf, Olav: Religiøse minoriteters utvandring. Kvekere og Haugianere fra Rogaland pionertida. Oslo 1999

Hellesøy, Dagfinn: Tysvær kyrkje gjennom tidene. Eit tilbakeblikk på kyrskjebrygg, prestar og kyrkjelyd. 150 års jubileet oktober 2002.

Hustoft, Sveinung: Skjoldafjorden – en reise gjennom historien, Registrering av kulturminner langs Skjoldafjorden, 1998

Haugalandmuseene: Romanifolkets kulturminne – Rapport frå registreringar i Tysvær kommune og Vindafjord kommune 2006

Haugalandmuseene: Årbøker

Karmsund Folkemuseum: Hesthammer skule

Karmsund Folkemuseum: Slettebøsmia

Karmsund Folkemuseum: Landbruksmagasinet på Tveit

Karmsund Folkemuseum: Årbøker

Karmøy kommune: Karmøyrs historie bind I, II og III

Karmøy kommune: Kulturminner i Karmøy 2008-2012 Kulturminneplan

Kleppa, Johannes og Alf Henry Rasmussen: Reise i bedehusland. Bedehusene i Rogaland. Sambåndet forlag 2003.

Lie, Klara: Røykstova på Lie. Brosjyre 1993

Marvik, Eli Ubøe: Nedstrand kyrkje. Nedstrand Sokneråd 1993

Myhre, Lise Nordenborg: Historier fra en annen virkelighet. Fortellinger om bronsealderen ved Karmsundet.

Nedstrand Bygdemuseum / Tysvær kommune: Nedstrand Bygdemuseum. Brosjyre.

Nedstrand sokneråd: Nær Straumen. Skjoldastrauen kyrkje 100 år. 2010

Norges bebyggelse, 1957

Norges vassdrags- og energidirektorat: Dammer som kulturminne 2013

Næss, Hans Eyvind: Vakre trehus i Rogaland

Rogaland fylkeskommune: Regionalplan for museum 2011-2014, Fylkesutvalget 4.10.2011

Rogaland fylkeskommune: Fylkesplan for kulturminner, 1989

Rogaland fylkeskommune: Vakre Landskap i Rogaland, 1995

Rogaland fylkeskommune: FINK, 1995

Rogaland fylkeskommune: Nordsjøløypa. Gode tider – gode havner. Gamle strand- og handelssteder langs Rogalandskysten, 2005

Rogaland fylkeskommune: Nordsjøløypa. Gamle Nedstrandsvegen

Rogaland fylkeskommune: Nordsjøløypa. Mellom Hinderåvåg og Nedstrand/Stranda

- Rogaland fylkeskommune: Handlingsplan for spesialmusea og samlingane
- Rogaland fylkeskommune: Handlingsplan for konservering
- Rogaland fylkeskommune: Handlingsplan for fotobevaring
- Rogaland fylkeskommune: Handlingsplan for sikring av musea i Rogaland
- Rogaland fylkeskommune: Handlingsplan for lokalmusea/ friluftsmusea
- Rogaland fylkeskommune: Kulturarv Rogaland: Rutegåande kulturminne i Rogaland – båtar, ferjer, tog, bussar, fly
- Rogaland Historielag : Årsheftene –artikler fra Tysvær
- Rogaland Historie og Ættesogelag: Folketelling 1801 Rogaland
- Stegaberg Bygdalag / Daniel Kallevik: Gardshistorie for Stegaberg krinsen. 1987
- Stavanger kommune: Kommunedelplan for kulturminner 2010-2015
- Titlestad, Torgrim: Kampen om Nordvegen. Nytt lys over vikingtiden.
- Tjeltveit, Njål: Bygda sitt hjarta. Båtstoppestader i Ryfylke. Ryfylkemuseet 1993
- Tjeltveit, Njål: Kaiane våre. Rutekaiutvikling i Rogaland. Statens Vegvesen 2000.
- Tysvær Historielag: Matkultur i Tysvær
- Tysvær kommune: Kommuneplanen fra 2007 + ny kommuneplan 2012-2024
- Tysvær kommune: Kulturplan 2007-2017
- Tysvær kommune:
- Tysvær gard og ætt, bind 1 - 2, Nils Dybdal Holthe
 - Tysvær gard og ætt, bind 3, Arvid Lillehammer, Nils Dybdal-Holthe
 - Tysvær gard og ætt, bind 4 – 5, Nils Olav Østrem
 - Tysvær gard og ætt, bind 6 – 7, Hans Eyvind Næss
 - Slik levde dei fram til 1820, bind 8, Svein Ivar Langhelle
- Slik levde dei fra 1820-1920, bind 9, Svein Ivar Langhelle
- Slik levde dei fra 1920-1970, bind 10, Svein Ivar Langhelle
- Tysvær kommune: Bautasteinane i Grinde. Brosjyre
- Tysvær kommune: Fornminnene på Erland. Brosjyre
- Tysvær kommune: Leiranger. Brosjyre
- Tysvær kommune: Vårå Liaråsen. Brosjyre
- Tysvær kommune: Slogvik kverna. Ei annleis bekkekvern. Brosjyre
- Tysvær kommune: Slusene mot Straumen. Historia om Skjoldestrommens Farbargjørelse. Brosjyre
- Tysvær kommune: Lars Hertervig- Lysets malar fra Borgøy. Brosjyre.
- Tysvær kommune: Sandbekken. Gammalt bygdetun og kommunal leirskule. Brosjyre
- Tysvær kommune: Skysstasjonen i Aksdal. Brosjyre
- Tysvær kommune: Promise of America (Reisen til Amerika) Brosjyre
- Tysvær kommune: Eldre Tysværbuar. Smarbeidsprosjekt med Reinhardt Søbye. Brosjyre.
- Tysvær kommune: Nessa skule si historie. Brosjyre
- Vennenens Samfunn Kvekerne: Kvekerhuset på Stakland. Brosjyre
- Vinje kommune: Kulturminneplan
- Waage, Martin: Stedsnavn på Veim. Særeremne i norsk Skeisvang v.g.s. 1996
- www.askeladden.ra.no
- www.geonorge.no
- www.haugalandmuseene.no
- www.kulturminneportalen.no

www.kulturnett.no
www.kulturminnesok.no
www.matrikkelen.no
www.niku.no (Norsk institutt for kulturminneforskning)
www.riksantikvaren.no
www.rogaland.kulturnett.no
www.statkart.no (matrikkelen m.m.)
www.temakart-rogaland.no (arealis)
www.tysver.kommune.no (kulturvern, stadnavn)
www.vegvesen.no

Bildeliste

Bilde som ikke er titulert med fotograf er Tysvær kommune sine eige bilder.

Forside:

Naust i Muslandsvåg
Rutebil Haugesund – Tysvær

Kap 4. Forminner:

Kølle fra Topnes. Foto: Terje Tveit, Ams, UiS
Flintdolk fra Gismarvik. Foto: Terje Tveit, Ams, UiS
Skålgrøper på Vårå
Gardsanlegg Vårå. Ill.: Børshheim
Sverd fra Leiranger. Foto: Anke Kobbe, Ams/Uis
Sverdknapp fra sverdet i Leiranger. Foto: Anke Kobbe, Ams, UiS
Bautasteinar i Grinde
Nausttuft Leiranger

Kap 5. Bygningsvern og kulturmiljø:

Hovudhus på Sandsgård. Foto: Rogaland fylkeskommune
Gardstun på Sandsgård
Tysværåg prestegård
Jordkjellar på Nordtveit
Naust i Sunfør.
Små hus i Vågen, Ytre Kvam, Nodland.
Store hus på Årvik, Øverland og Store Nessa.
Løer på Sandbekken, Stakland og Levarsbøen, Ytre Kvam. Steinløe på Aksland.
Eldhus på Helle, ute og inne
Kvern på Dalva og Ytre Kvam.
Naust på Kårstø.
Vikjå, Hinderåvåg
Naustmiljø i Leirongsvika
Nedstrand prestegård

Kap 6. Kulturlandskap og landbruk

Tuntre i Vassenden
Steintrapp på Kallakodt
Strandsitjarhuset på Stranda
Styvetre i Vikjå¹
Innhenting av høy på Askeland, Sagbakken. Minny Næss og Anna Askeland.
Hestavandring, Førre. Foto: Hartvig Waage
«Hestavandring» maleri av R. T Hayes
Steingard, Høie
Steinfjøs i Førre. Foto: Hartvig Waage
Pjuking av torv på Høie, Betha Kallevik og Mathias Høie
Steinmur rundt hage i Gismarvik. Foto: Vidar Aarhus
Hage i Folgedalen, Kleiberg
Falk og falkefangst ill.

Kap 7. Maritime kulturminne og fiske

Sildefiske ved Sandsgård
Sløyding av sild på Glette
Naust nytta til salteri på Odland. Foto: Vidar Aarhus
Yrkjevågen fiskeri

Barken «Constant». Skipper Øverland var frå Nedstrand
Galeas «Progress». Foto: Haugesund rederiforening/Karmsund folkemuseum
«Hilding» Foto: Sameie Hilding

Kap 8. Næring - frå handverk til industri

Stemmen ved Skorpevatnet. Foto: Dagfinn Silgjerd

Kart, ill sager på 1600- og 1700-talet

Saga på Sætre

Kadl på kverna i Musland

Kvernhus i Dalbygda

Meieri på Stranda

Solstrand

Handlestaden Slåttevik

Handelstaden Stranda

Macadamverk Borgøy

Verkstad på Sagbakken

Karftverket på Sagbakken

Sjukeheimen i Aksdal

Kap 9. Samferdsel på land og sjø

Kjerrehjul frå Høie

Vegen frå Dåven til Eide. Foto: Sverre Nordbø

Rutebil Haugesund – Tysvær

Brua i Skjoldstraumen

Slusearbeid i Skjoldstraumen

Ferjeleie i Skjoldstraumen

M/S Robert gjennom slusa

Kap 10. Tru, kyrkjer og forsamling

Tysværåg kyrkje

Gapastokken på Nedstrand. Foto: Dagfinn Silgjerd

Bedehus på Stakland

Gravplass på Stakland

Apeland bedehus

Kap 11. Andre offentlege og allmene bygg

Hesthammer skule

Doktorbustaden på Nedstrand

Kap 12. Nasjonale minoritetar

Petter Stomsing staue i Skjoldstraumen. Foto: Trond Martinsen

«Villaen» på Øverland. Foto: Karmsund folkemuseum

Kap 13. Krigsminne

Tysværåg kyrkje, minnestøtte over falne under krigen

Askeland, Fot. Milorg-hytta.

Kap 14. Fritid – hytter

Teikning av arkitekt Halleland. Karmsund folkemuseum

Kap 15. Spesielle tema for Tysvær

Cleng Peersonhuset på Sandbekken

Frimerke med Peerson

Borgøy

«Borgøy» Maleri av Hertervig.

Tollbod Stranda. Foto: Dagfinn Silgjerd

Kart, Ryfylke

Kart, Ryfylke

Tollbod Stranda (Silgjerd)

Kap 16. Immaterielle kulturminne

Bensinstasjon i Bådsvik

Ill.foto av fele

Nedstrand, Ola Li spelar fele

Fuglehus Bed & Breakfast





VEDLEGG FOR KOMMUNEDELPLAN FOR KULTURMINNE OG KULTURMILJØ TYSVÆR KOMMUNE 2015-2025

Vedlegg

Ved oppstarten av arbeidet med kulturminneplanen meinte Rogaland fylkeskommune at ein i planarbeidet burde prioritera ein ny gjennomgang av desse bygningane, og dette har ein brukt mest tid og ressursar på i dette planarbeidet.

Innleigd fagperson har dermed i 2013/14 i samråd med grunneigarane besøkt dei fleste av A- og B-objekta og vurdert tilstand i dag. Kriteria for vurderinga har vore å få ein oversikt over den generelle tilstanden til SEFRAK- bygningane og fråfallet av bygningsmasse. Materialet skulle vera tilgjengeleg for ulike avdelingar i kommunen som arbeider med byggesak eller plan, slik at SEFRAK- bygningar vart lette å finna fram til under sakshandsaming. Det var og ønskeleg med nye digitale bilete av bygningane.

Grunna manglante nasjonale og lokale standardar vart det i arbeidsgruppa avgjort korleis dette arbeidet skulle gjerast.

**FORNMINNER I TYSVÆR KOMMUNE - Enkeltminner og lokaliteter
fra Askeladden database**

	ID	Index	TypeId	Art	Navn
1.	5747	1	Enkeltminne	Tuft	Gårdsanlegg
2.	5747	2	Enkeltminne	Hustuft	Hustuft
3.	5747	3	Enkeltminne	Hustuft	Hustuft
4.	5747	4	Enkeltminne	Gravhaug	Gravhaug
5.	5747	5	Enkeltminne	Gravhaug	Gravhaug
6.	5747	6	Enkeltminne	Hustuft	Hustuft
7.	5747	7	Enkeltminne	Geil	Geil
8.	5747	-1	Lokalitet	Gårdsanlegg	Haukås
9.	5748	-1	Lokalitet	Gravminne	Notavodl
10.	5748	1	Enkeltminne	Gravrøys	Gravrøys
11.	5749	1	Enkeltminne	Løsfunn	Løsfunn
12.	5749	-1	Lokalitet	Funnsted	Askeland
13.	5751	-1	Lokalitet	Gårdsanlegg	Tysvær prestegård
14.	5751	1	Enkeltminne	Tuft	Gårdsanlegg
15.	5751	2	Enkeltminne	Hustuft	Hustuft
16.	5751	3	Enkeltminne	Hustuft	Hustuft
17.	5751	4	Enkeltminne	Gravrøys	Gravrøys
18.	5751	5	Enkeltminne	Gravrøys	Gravrøys
19.	5751	6	Enkeltminne	Gravrøys	Gravrøys
20.	5751	7	Enkeltminne	Grop	Grop
21.	5752	1	Enkeltminne	Løsfunn	Løsfunn
22.	5752	-1	Lokalitet	Funnsted	Hervik
23.	5753	-1	Lokalitet	Funnsted	Hervik
24.	5753	1	Enkeltminne	Løsfunn	Løsfunn
25.	5754	-1	Lokalitet	Båtstø-anlegg	Stårhogg
26.	5754	1	Enkeltminne	Naustuft	Naustuft
27.	5755	-1	Lokalitet	Funnsted	Sørensåkeren
28.	5755	1	Enkeltminne	Løsfunn	Løsfunn
29.	5756	1	Enkeltminne	Gravrøys	Gravrøys
30.	5756	-1	Lokalitet	Gravminne	Haugsnes
31.	5757	-1	Lokalitet	Gravminne	Nedre kvinnesland

	ID	Index	TypeId	Art	Navn
32.	5757	1	Enkeltminne	Gravrøys	Gravrøys
33.	5758	1	Enkeltminne	Tuft	Gårdsanlegg
34.	5758	2	Enkeltminne	Hustuft	Hustuft
35.	5758	3	Enkeltminne	Hustuft	Hustuft
36.	5758	4	Enkeltminne	Rydningsrøys	Rydningsrøys
37.	5758	5	Enkeltminne	Rydningsrøys	Rydningsrøys
38.	5758	6	Enkeltminne	Rydningsrøys	Rydningsrøys
39.	5758	7	Enkeltminne	Rydningsrøys	Rydningsrøys
40.	5758	8	Enkeltminne	Rydningsrøys	Rydningsrøys
41.	5758	9	Enkeltminne	Rydningsrøys	Rydningsrøys
42.	5758	-1	Lokalitet	Gårdsanlegg	Revursdalen
43.	5759	-1	Lokalitet	Gravminne	Storhaug
44.	5759	1	Enkeltminne	Gravrøys	Gravrøys
45.	5760	1	Enkeltminne	Naustuft	Naustuft
46.	5760	-1	Lokalitet	Båtstø-anlegg	Hastå
47.	5761	-1	Lokalitet	Funnsted	Frakkagjerd
48.	5761	1	Enkeltminne	Løsfunn	Løsfunn
49.	5762	1	Enkeltminne	Løsfunn	Løsfunn
50.	5762	-1	Lokalitet	Funnsted	Førde
51.	5763	-1	Lokalitet	Gårdsanlegg	Årek
52.	5763	1	Enkeltminne	Tuft	Gårdsanlegg
53.	5763	2	Enkeltminne	Hustuft	Hustuft
54.	5763	3	Enkeltminne	Gravrøys	Gravrøys
55.	5763	4	Enkeltminne	Gravrøys	Gravrøys
56.	5763	5	Enkeltminne	Gravrøys	Gravrøys
57.	5763	6	Enkeltminne	Gravrøys	Gravrøys
58.	5763	7	Enkeltminne	Gravrøys	Gravrøys
59.	5763	8	Enkeltminne	Gravrøys	Gravrøys
60.	5763	9	Enkeltminne	Gravrøys	Gravrøys
61.	5763	10	Enkeltminne	Gravrøys	Gravrøys
62.	5763	11	Enkeltminne	Gravrøys	Gravrøys
63.	5763	12	Enkeltminne	Gravrøys	Gravrøys
64.	5763	13	Enkeltminne	Gravrøys	Gravrøys

	ID	Index	TypeId	Art	Navn
65.	5763	14	Enkeltminne	Gravrøys	Gravrøys
66.	5763	15	Enkeltminne	Gravrøys	Gravrøys
67.	5763	16	Enkeltminne	Gravrøys	Gravrøys
68.	5763	17	Enkeltminne	Gravrøys	Gravrøys
69.	5763	18	Enkeltminne	Gravrøys	Gravrøys
70.	5763	19	Enkeltminne	Gravrøys	Gravrøys
71.	5763	20	Enkeltminne	Gravrøys	Gravrøys
72.	5763	21	Enkeltminne	Gravrøys	Gravrøys
73.	5763	22	Enkeltminne	Gravrøys	Gravrøys
74.	5763	23	Enkeltminne	Innhegning	Innhegning
75.	5763	24	Enkeltminne	Innhegning	Innhegning
76.	5764	1	Enkeltminne	Gravhaug	Gravhaug
77.	5764	-1	Lokalitet	Gravminne	Førde
78.	5765	-1	Lokalitet	Gravminne	Bjoland
79.	5765	1	Enkeltminne	Gravrøys	Gravrøys
80.	5766	1	Enkeltminne	Nausttuft	Nausttuft
81.	5766	-1	Lokalitet	Båtstø-anlegg	Aukland
82.	5767	-1	Lokalitet	Funnsted	Kringeland
83.	5767	1	Enkeltminne	Løsfunn	Løsfunn
84.	5768	-1	Lokalitet	Bautasteinslokalitet	Hedlå
85.	5768	1	Enkeltminne	Bautastein	Bautastein
86.	5769	-1	Lokalitet	Gravminne	Mehus
87.	5769	1	Enkeltminne	Gravrøys	Gravrøys
88.	5770	1	Enkeltminne	Heller	Heller
89.	5770	-1	Lokalitet	Bosetning-aktivitetsområde	Håland
90.	5771	-1	Lokalitet	Funnsted	Lindong
91.	5771	1	Enkeltminne	Løsfunn	Løsfunn
92.	5772	1	Enkeltminne	Gravhaug	Gravhaug
93.	5772	2	Enkeltminne	Gravhaug	Gravhaug
94.	5772	3	Enkeltminne	Gravhaug	Gravhaug
95.	5772	-1	Lokalitet	Gravfelt	Einarhaugen
96.	5773	-1	Lokalitet	Gravminne	Ytre amdal

	ID	Index	TypeId	Art	Navn
97.	5773	1	Enkeltminne	Gravrøys	Gravrøys
98.	5774	1	Enkeltminne	Gravrøys	Gravrøys
99.	5774	-1	Lokalitet	Gravminne	Ytre amdal
